


Forsvarleg opprydding ved utvinning av havbotnmineral

*Miljørettslege rammer for kravet til «forsvarlig
opprydding» i havbotnminerallova § 5-1*

Kandidatnummer: 114

Tal på ord: 13654



JUS399 Masteroppgåve
Det juridiske fakultet

UNIVERSITETET I BERGEN

11. desember 2023

Innhald

1	Innleiing	3
2	Avgrensing	4
3	Metode.....	5
4	Bakgrunn	6
5	Havbotnminerallova § 5-1.....	8
5.1	Innleiing.....	8
5.2	Spørsmålet om plikta gjeld i utvinningsfasen.....	8
5.3	Pålegg føresegna ei sjølvstendig oppryddingsplikt?	10
5.4	Oppryddingsomgrepet i havbotnminerallova	10
5.5	Spørsmålet om når oppryddinga er «forsvarlig»	12
5.6	Innhaldet i tiltaksgjennomføringsplikta.....	17
6	Tolkingsbidrag og skrankar frå relevante miljøregelverk	21
6.1	Innleiing.....	21
6.2	Havrettskonvensjonen	21
6.3	Havbotnstyresmakta sitt regelverksutkast	22
6.4	Naturmangfaldlova	24
6.5	Forureiningslova.....	25
6.6	Osparkonvensjonen og restaureringstiltak.....	26
6.7	Dumpingforbodet som skranke for oppryddingsplikta.....	27
7	Andre forureinings- og avfallshandteringsreglar som kjem direkte til bruk.....	30
7.1	Innleiing.....	30
7.2	Kort om relevansen til EU/EØS-regelverk.....	30
7.3	Forureiningslova si relevans og lova sitt verkeområde	31
7.4	Forureiningslova sine reglar om handtering av akutt forureining	32
7.5	Særlege reglar om utslepp og utsleppsløyve på kontinentalsokkelen	33
7.6	Forureiningsforskrifta.....	34
7.7	Avfallshandteringsreglane i forureiningslova	35
7.8	Avfallsforskrifta.....	37
8	Illustrerande døme.....	39
8.1	Innleiing.....	39
8.2	Handtering av gråberg og sediment.....	39
8.3	Opprydding av utstyr, maskiner og innretningar.....	41

8.4	Restaureringstiltak	42
8.5	Akutt forureining	42
9	Avslutning	44
	Litteraturliste	46

1 Innleiing

Emnet for masteroppgåva er opprydding under utvinning av havbotnmineral. Hovudproblemstillinga mi er kva som er omfanget av rettshavaren si plikt etter havbotnminerallova § 5-1 til å sørge for «forsvarlig opprydding» ved utvinning av havbotnmineral. Analysen av problemstillinga vil skje i eit miljørettsleg perspektiv, altså i lys av miljørettslege regelverk og -omsyn.

Dersom den noverande utviklinga held fram, ligg Noreg an til å bli det første landet i verda som opnar for kommersiell utvinning av havbotnmineral.¹ Fleire er bekymra for den negative verk- naden havbotnmineralverksemd kan ha på miljøet.²

Oppryddingsføresegna i havbotnminerallova § 5-1 nemner ikkje miljøomsyn, men inneheld eit vilkår om at oppryddinga skal vere «forsvarlig». Kva ligg i kravet til «forsvarlig» opprydding, og kor stor vekt har miljøomsyn i denne vurderinga? Og er rettshavaren pålagt å rydde opp medan utvinninga framleis pågår, eller berre etter at den er avslutta? I kva grad må rettshavaren rette seg etter oppryddingspålegg frå myndigheitene?

Noreg er del av fleire konvensjonar om vern av havmiljøet, slik som Havrettskonvensjonen og Osparkonvensjonen. Vi har òg eigne nasjonale miljøregelverk. I kva grad påverkar desse konvensjonane og regelverka korleis vi må forstå oppryddingsplikta i § 5-1, og legg desse regelverka band på kva rettshavaren kan og ikkje kan utføre av oppryddingstiltak?

For rettshavaren som er ansvarleg for oppryddinga, og myndigheitene som skal sørge for at norske og folkerettslege miljøkrav blir etterlevde, er det viktig å få avklart kva forureinings- og avfallshandteringsregelverk som gjeld for oppryddinga i tillegg til havbotnminerallova. Kva krav stiller i så fall desse regelverka til gjennomføringa av oppryddingsarbeidet?

Meir konkret vil eg undersøkje korleis oppryddingsregelverket påverkar kva konkrete oppryddingstiltak det kan vere relevant for rettshavaren å gjennomføre i praksis. Korleis skal mineralavfall og utstyr handterast? Er det aktuelt å restaurere utvinningsområdet i utvinningsfasen, og korleis skal rettshavaren handtere akutt forureining?

¹ Brembo mfl. (2023).

² Sjøå pkt. 4.

2 Avgrensing

Eg held meg til verksemd som fell inn under verkeområdet til lov 22. mars 2019 nr. 7 om mineralvirksomhet på kontinentalsokkelen (havbotnminerallova – hbml.). Lova sitt saklege verkeområde omfattar «virksomhet knyttet til undersøkelse og utvinning av mineralforekomster på havbunnen og grunnen under denne». Lova gjeld ikkje vitskapleg utforsking av dei same ressursane.³ Havbotnminerallova § 5-1 regulerer opprydding både i utvinnings- og avslutningsfasen. Eg kjem berre til å ta føre meg opprydding i utvinningsfasen.

Lova sitt stadlege verkeområde omfattar «Norges indre farvann, Norges sjøterritorium og på norsk kontinentalsokkel».⁴ Noko av verksemda kan gå føre seg i den økonomiske sonen, og dette kan tenkjast å reise nokre særreigne spørsmål. I førearbeida skil ein ikkje mellom havbotnmineralverksemd på kontinentalsokkelen innanfor og utanfor 200 mil frå grunnlinene.⁵ Eg skal fokusere aktivitet på kontinentalsokkelen, slik den er definert i lov 18. juni 2021 nr. 89 om Norges kontinentalsokkel (kontinentalsokkelloven).

³ Hbml. § 1-2 første og andre ledd.

⁴ Hbml. § 1-3 første ledd.

⁵ Innst. 150 L (2018-2019) s. 5.

3 Metode

I framstillinga tek eg ei rettsdogmatisk tilnærming til tolkinga av «forsvarlig opprydding» i havbotnminerallova § 5-1. Eg samlar, analyserer og systematiserer rettskjelder for å føreslå løysingar på rettslege problemstillingar.⁶ Eg vil kort omtale nokre av dei særskilde metodiske utfordringane i framstillinga.

Få rettskjelder gjeld oppryddingsplikta direkte, førearbeida er kortfatta om oppryddingsplikta og det er lite litteratur som tek føre seg havbotnminerallova. Eg har sett til førearbeida til petroleumlova (petrl.) og minerallova for tolkingsbidrag, sidan hbml. § 5-1 delvis byggjer på føresegner i desse lovene. I nokon grad har eg sett til etterarbeids utsegner i førearbeid og andre dokument. Rettskjeldevekta til etterarbeid er usikker, særleg når dei antek noko om verkeområdet til ei tidlegare lov, utan openberr støtte i den omtalte lova.⁷ Etterarbeid utforma i samband med lovsak (t.d. NOU, Prop. L, Innst. L) har i utgangspunktet større rettskjeldevekt enn andre dokument (t.d. St.meld.).⁸

Eg ser etter tolkingsbidrag og skrankar i miljøregelverk, inkludert Den internasjonale havbotnstyresmakta sitt regelverksutkast. Reglane i utkastet vil ikkje gjelde på norsk kontinentalsokkel når dei eventuelt blir vedtekne, men kan indirekte stille krav til norske standardar.⁹ Utkastet blir berre brukt som samanlikningsgrunnlag. Spørsmål knytt til korleis ein skal forstå oppryddingsplikta i lys av folkerettslege miljøregelverk aktualiserer presumsjonsprinsippet.¹⁰ Eg analyserer problemstillinga i eit miljørettsleg perspektiv, og bruker miljørettslege prinsipp som rettleiande tolkingsbidrag, der eg har kunna påvise at dei er relevante.¹¹

⁶ Mæhle (2004) s. 329.

⁷ Nygaard (2004) s. 45 og 195.

⁸ Sjå høvesvis Rt. 2013 s. 565 (Farskap); Rt. 2006 s. 466 (Heleri); Rt. 2000 s. 46 (Draktreklame); Rt. 1990 s. 874 (Fusa); Rt. 1988 s. 7 (Eigedomsmekling) og Rt. 2007 s. 561 (Arbeidsløyve); Rt. 2008 s. 1646 (Bolteløfte).

⁹ Sjå *pkt. 6.3*.

¹⁰ Sjå *pkt. 6.1*.

¹¹ Bugge (2022) s. 144–145.

4 Bakgrunn

Havbotnminerallova (i kraft 1. juli 2019) har som føremål å leggje til rette for undersøking og utvinning av mineralressursar på kontinentalsokkelen.¹² Regjeringa ønskjer å opne for mineralutvinning på havbotnen av fleire grunnar, inkludert eit aukande globalt mineralbehov knytt til det grønne skiftet, geopolitiske omsyn og lokale behov for arbeidsplassar langs kysten. Havbotnminerallova § 2-2 krev konsekvensutgreiing for å opne område for mineralverksemd. Ei slik konsekvensutgreiing låg føre den 27. oktober 2022. Konsekvensutgreiinga gjaldt eit stort område mellom mellom Svalbard og Jan Mayen, tilsvarande Storbritannia i storleik. Eit forslag om å opne ein omfattande del av utgreiingsområdet for havbotnmineralverksemd blei fremja av regjeringa i juni 2023.¹³ På ein pressekonferanse den 05. desember 2023 kunngjorde Høgre, Arbeidarpartiet, Senterpartiet og Frp at det er semje om å vedta ein revidert versjon av opningsforslaget.¹⁴

Meiningane om opninga er delte. Fleire, inkludert EU, bekymrar seg for moglege negative miljøkonsekvensar.¹⁵ Ein har kjent til at havbotnmineralverksemd kan ha negative miljøkonsekvensar i lang tid.¹⁶ Miljødirektoratet meiner konsekvensutgreiinga ikkje utgjer eit forsvarleg kunnskapsgrunnlag for ei opningsavgjerd.¹⁷ Regjeringa planlegg å handtere kunnskapsmangelen gjennom å gradvis auke kunnskapsgrunnlaget i samband med ein trinnvis prosess, der kommersielle aktørar blir pålagde å innhente miljø-data gjennom leiteaktivitet og prosjektspesifikke konsekvensutgreiingar.¹⁸

I dag pågår inga kommersiell havbotnmineralutvinning nokon stad i verda. Regjeringa sitt opningsforslag involverer store og utilgjengelege område. Ein kan forvente at oppryddingsarbeidet vil vere kostnadskrevjande. For å illustrere oppryddingsplikta kjem til å bruke døme basert på føresetnadene i opningsforslaget og analogiar frå landbasert mineralutvinning. Eg fokuserer på opprydding i utvinningsfasen.

Grovt sagt har utvinninga to hovudstadium: 1) utvinning av gråberg (avfallsstein) og malm (bergartar med interessante mengder kommersielt utvinnbare mineral) og 2) prosessering av

¹² Hbml. § 1.

¹³ St.meld. nr. 25 (2022-2023) s. 76.

¹⁴ Brembo m.fl. (2023).

¹⁵ Hvinden (2023) s. 8–9 med vidare tilvisingar.

¹⁶ Sjø t.d. Berge m.fl. (1991).

¹⁷ St.meld. nr. 25 (2022-2023) s. 55.

¹⁸ Op.cit. s. 72–73; hbml. § 4-4 første ledd andre punktum.

malmen (oppreiing). Det er i all hovudsak stadium nr. 1 som er relevant for denne oppgåva. Havbotnminerala i opningsområdet førekjem naturleg i manganskorpar og inaktive hydrotermiske kjelder (svarte skorsteinar). Både for inaktive hydrotermale kjelder og manganskorpar er det tale om relativt store utvinningsområde per førekomst (ca 0,6 km² for inaktive hydrotermale kjelder og 20 km² for manganskorpar).¹⁹ Alle utvinningsprosessar må tilpassast dei mineralførestane ein ønskjer å utvinne og områda dei førekjem i.²⁰ Prosessen er vanskeleg å konkretisere, men fellestrekk med landbasert mineralutvinning og føresetnadene i opningsforslaget gjev nokre utgangspunkt for samanlikning og vurdering.²¹

Departementet har lagt til grunn at utvinninga av gråberg som er naudsynt for å nå malmen vil vere minimal, samanlikna med dagbrot på land.²² Noregs geologiske undersøking (NGU) er skeptiske til grunnlaget for denne konklusjonen.²³ Ein kan gå ut ifrå at utvinning av havbotnmineral kan innebere ein viss grad av gråbergsbryting, og at det vil vere behov for opprydding av desse massane. Både utvinnings- og oppryddingsarbeidet kjem sannsynlegvis til å bli gjennomført ved bruk av fjernstyrte maskiner.²⁴

¹⁹ OED (2022) s. 11.

²⁰ Op.cit. s. 50.

²¹ Op.cit. s. 44 og 49 flg.

²² Op.cit. s. 44.

²³ NGU (2023).

²⁴ Sjø t.d. Solheim (2019).

5 Havbotnminerallova § 5-1

5.1 Innleiing

Havbotnminerallova § 5-1 lyder slik:

«Rettighetshaveren skal sørge for en forsvarlig opprydding mens arbeidene pågår og etter at disse er avsluttet, og gjennomføre de tiltak departementet fastsetter om opprydding og avslutning.»

Føresegna pålegg ei plikt til å rydde opp etter havbotnmineralverksemda. Kva som skal ryddast opp, og kor omfattande oppryddinga må vere for å innfri plikta, er uklart. Lovteksten viser berre til at oppryddinga skal vere «forsvarlig». Både «opprydding[s-]» og «forsvalig»-vilkåret må bli presiserte for å fastlegge omfanget av oppryddingsplikta.

Det er «[r]ettighetshaveren» (rettshavaren) som er pålagt å sørgje for oppryddinga. Kven som er rettshavar, går fram av havbotnminerallova § 1-5 bokstav e. Kort sagt er rettshavaren den eller dei som (i vårt tilfelle) har fått løyve til å utvinne havbotnmineral. Eg går ikkje nærmare inn på dette, og kjem konsekvent til å bruke nemninga *rettshavar*.

I dette kapittelet skal eg ta føre meg spørsmåla om oppryddingsplikta gjeld i utvinningsfasen, om plikta gjeld uavhengig av føringar frå departementet, kva som ligg i vilkåra «opprydding» og «forsvarlig» og innhaldet i rettshavaren sin plikt til å gjennomføre tiltak fastsette av departementet.

5.2 Spørsmålet om plikta gjeld i utvinningsfasen

Plikta til å sørgje for «forsvarlig opprydding» gjeld «mens arbeidene pågår og etter at disse er avsluttet». Ut ifrå ordlyden aleine er det naturleg å forstå «mens arbeidene pågår» som *medan havbotnmineralverksemd går føre seg*, altså, medan *utvinninga* går føre seg. Forståinga får støtte i framhaldet: «og etter at disse [arbeidene] er avsluttet». Svaret er ikkje opplagt. Paragraf § 5-1 er plassert i kapittel 5 om *Avslutning av virksomhet mv*. I lys av kapitteloverskrifta kan ein lese «mens arbeidene pågår» som *medan avslutningsarbeidet går føre seg*, altså *etter utvinninga*. Det er uklart korleis ein skal tolke «mens arbeidene pågår». Vilåret må tolkast presiserande.

Overskrifter kan gje uttrykk for *føremålet* med regelen, og kan difor tenkjast å vere eit argument for utvidande tolking. Ein bør likevel vere varsam med å leggje rettskjeldevekt til overskrifter. Som Backer skriv, er føremålet deira er å informere, ikkje å regulere.²⁵ Ei overskrift aleine gjev ikkje grunnlag for innskrenkande tolking. Overskrifta kan ikkje avgrense oppryddingsplikta til avslutningsfasen.

Føremålsomsyn taler òg for ei oppryddingsplikt i utvinningsfasen. Havbotnminerallova «skal legge til rette for [...] utvinning av mineralforekomster på kontinentalsokkelen i samsvar med samfunnsmessige målsetningar, slik at hensynet til [...] miljø [...] blir ivaretatt».²⁶ Fortløpande opprydding vil med stort sannsyn føre til ei lægre, samla miljøbelastning enn ei ordning der ein utset opprydding til avslutningsfasen. Ei fortløpande opprydding kan t.d. redusere lekkasjen av giftstoff til havmiljøet.²⁷

I proposisjonen bruker departementet formuleringa «mens virksomheten pågår» om vilkåret.²⁸ Formuleringa støttar forståinga av at ordlyden siktar til utvinningsfasen. Merknaden til § 5-1 i innstillinga er knapp, og tilfører lite til tolkinga.²⁹ Falkanger les «mens arbeidene pågår» som at oppryddingsplikta gjeld «ikke bare ved avslutningen».³⁰ Falkanger meiner tilsynelatande at oppryddingsplikta gjeld i utvinningsfasen òg.

Dersom § 5-1 ikkje pålegg rettshavaren ei løpande oppryddingsplikt, oppstår spørsmålet om opprydding i utvinningsfasen ikkje krevst av lova. Ei oppryddingsplikt i utvinningsfasen kunne følgje av kravet til forsvarleg verksemd i § 1-7, kravet til forsvarleg utvinning i § 4-11 eller av andre reglar som kjem til bruk på kontinentalsokkelen (som t.d. forureiningslova). Det finst ingen haldepunkt i førearbeida for at ein hadde ein slik baktanke ved utforminga av regelverket, og sett at det var tilfellet, kunne føreseigna si utforming verke misvisande.

Samla sett meiner eg det er flest moment som taler for at ein skal forstå «mens arbeidene pågår» slik at oppryddingsplikta gjeld i utvinningsfasen òg. Eg legg difor denne forståinga av vilkåret til grunn i framstillinga vidare.

²⁵ Backer (1981) s. 220.

²⁶ Hbml. § 1.

²⁷ Sjå likevel *pkt. 5.5* om økonomiomsynet.

²⁸ Prop. 106 L (2017-2018) s. 67.

²⁹ Innst. 150 L (2018-2019) s. 14.

³⁰ Falkanger (2020), merknad til § 5-1.

5.3 Pålegg føresegna ei sjølvstendig oppryddingsplikt?

I tillegg til å sørge for «forsvarlig opprydding», må rettshavaren «gjennomføre de tiltak departementet fastsetter om opprydding og avslutning». Falkanger skriv om oppryddingsplikta at «hva som må gjøres, beror på» det «departementet fastsetter».³¹ Merknaden til Falkanger reiser spørsmålet om oppryddingsplikta i § 5-1 er sjølvstendig, eller at plikta berre er det «departementet fastsetter». Med uttrykket sjølvstendig oppryddingsplikt siktar eg til spørsmålet om § 5-1 legg ei sjølvstendig plikt på rettshavaren, uavhengig av det «departementet fastsetter».

Justiskomiteen sin korte merknad til § 5-1 er uklar, men antyder at oppryddingsplikta er det same som det «departementet fastsetter».³² Formuleringa er kort og tvetydig, og bør difor ikkje få stor vekt som tolkingsmoment. Plikta til å gjennomføre departementet sine tiltak kjem etter eit «og». Det er difor meir naturleg å forstå tiltaksgjennomføringsplikta som eit tillegg til (eller ei utfylling av) oppryddingsplikta.

Fleire av merknadene til føresegna i proposisjonen taler for ei sjølvstendig oppryddingsplikt. Der les ein at «[d]epartementet foreslår at rettighetshaver skal sørge for forsvarlig opprydding både mens utvinningen pågår og ved avslutning. *Videre* at rettighetshaver skal gjennomføre de tiltak departementet fastsetter om opprydding og avslutning» (mi utheving).³³ I den same proposisjonen les ein at føresegna slår fast rettshavaren si «generelle plikt til opprydding».³⁴ Når ein skriv om plikta som generell, gjev det mest meining at ho ikkje er avgrensa til det «departementet fastsetter». Eg legg til grunn at plikta til «forsvarlig opprydding» har eit sjølvstendig innhald.

5.4 Oppryddingsomgrepet i havbotnminerallova

«[O]pprydding» i § 5-1 er ikkje legaldefinert i lova. Ordet «opprydding» har i utgangspunktet eit ganske velkjent meningsinnhald i daglegtalen. Ein kan lese ordet som eit synonym til *rydding*. *Opprydding* kan òg bli forstått som ein variant av rydding der ein fjernar noko som i utgangspunktet ikkje var der. Ein kan seie at «opprydding» som omgrep har eit naturleg kjerneinnhald som omfattar fjerning, flytting og/eller organisering av gjenstand(ar) som er

³¹ Falkanger (2020), merknad til § 5-1.

³² Innst. 150 L (2018-2019) s. 14.

³³ Prop. 106 L (2017-2018) s. 46.

³⁴ Op.cit. s. 67.

uønskt(e) på oppryddingsstaden, gjerne som ledd i reingjering. Ein kan t.d. sjå føre seg at ein på våren kostar bort grus frå ei innkøyrsel etter vinterstrøing. Dømet illustrerer at opprydding er noko ein gjer *som konsekvens* at ei tidlegare handling eller hending. Opprydding er i utgangspunktet eit *retroaktivt* tiltak. Eg bruker ordet retroaktivt for å skildre tiltak som handterer konsekvensane av ei tidlegare hending. Nemninga skal ikkje forståast som ei tilvising til oppryddingstiltak i avslutningsfasen.

Eit anna spørsmål er om proaktive tiltak òg kan reknast som opprydding i § 5-1. Det er ikkje openbert at tiltak ein gjer fordi ein *forventar* at ei handling eller hending seinare vil krevje opprydding, i seg sjølv er eit oppryddingstiltak (proaktivt tiltak). Ei tolking av «opprydding» i tråd med vanleg språkforståing omfattar ikkje proaktive tiltak, som nemnt ovanfor. Departementet eller justiskomiteen presiserer ikkje kva dei meiner med «opprydding».³⁵ Falkanger sin omtaler det som ei «ryddeplikt».³⁶ Desse utsegnene gjev ikkje tilstrekkeleg retteliing.

Minerallova § 50 første ledd første punktum, førebiletet til hbml. § 5-1, pålegg at «utvinner [...] skal sørge for forsvarlig opprydding av området mens arbeidene pågår». Oppryddinga kan skje i form av stenging av gruveopningar, fjerning av utstyr og tilbakefylling av massar etter at ein naturleg del av utvinninga er avslutta.³⁷ Oppryddingsplikta i minerallova synest berre å omfatte retroaktive tiltak. Grunna likskapen mellom minerallova § 50 og havbotnminerallova § 5-1 i ordlyd og føremål, bør ein anta at føresegnene skal forståast likt. Konklusjonen er difor at hbml. § 5-1 berre omfattar retroaktive tiltak.

Spørsmålet vidare er om ein kan lese kva oppryddingstiltak som kan vere relevante i utvinningsfasen ut ifrå kontekst- og føremålssynsmåtar. I hbml. § 1-5 bokstav d er utvinning definert som

«uttak av mineraler fra havbunnen eller havbunnens undergrunn for kommersielt formål, medregnet bearbeiding på innretninger, deponering av eventuelt overskuddsmateriale fra driften og bygging, plassering, drift og bruk av de innretninger som er nødvendig for utvinningen og transporten av mineralene til innretningene eller transportskip»

Handtering av lause massar og andre ønskte biprodukt som har oppstått i samband med «uttak av mineraler fra havbunnen eller havbunnens undergrunn» synest å vere relevante

³⁵ Prop. 106 L (2017-2018) s. 45–46; Innst. 150 L (2018-2019) s. 14.

³⁶ Falkanger (2020), merknad til § 5-1.

³⁷ Ot.prp.nr. 43 (2008-2009) s. 148-148; Falkanger (2018), merknad til § 50.

oppryddingstiltak under utvinninga. Deponering fell òg inn under utvinningsdefinisjonen. I førearbeida har ein sett «deponering» som ein naturleg del av sjølve drifta, og ikkje kopla det saman med «opprydding».³⁸ Plasseringa av «deponering» i definisjonen av «utvinning» i § 1-5 stengjer ikkje for å rekne «deponering» som ei form for opprydding etter § 5-1. Det må i alle fall vere tilfellet når ein taler om «opprydding» i utvinningsfasen.

Lova sitt føremål er å leggje til rette for at «utvinning av mineralforekomster» skjer «i samsvar med samfunnsmessige målsettinger, slik at» mellom anna «hensynet til [...] miljø [...] blir ivaretatt».³⁹ Miljøomsyn vil altså påverke kva oppryddingstiltak rettshavaren må gjennomføre under utvinninga. Dersom ein får kunnskap om at utvinninga vil føre til negativ påverknad av naturmiljøet på utvinningsstaden, eller eit større økosystem utvinningsstaden er ein del av, kan rettshavaren plikte å gjennomføre avbøtande oppryddingstiltak.⁴⁰

Parallellar til mineralutvinning på land kan òg gje tolkingsbidrag. Oppryddingsprosessar er prosjektspesifikke, men nokre vil tiltak vil gå igjen. Fjerning av massar, fjerning av utstyr og tilbakefylling er nemnde som aktuelle oppryddingstiltak ved mineralutvinning på land.⁴¹ Ein kan anta at dei same tiltaka i varierende grad kan vere aktuelle ved havbotnmineralutvinning òg.

Ein kan altså legge til grunn at ein med «opprydding» i § 5-1 skal forstå retroaktive tiltak for å handtere konsekvensane av utvinning av havbotnmineral. Slike konsekvensar kan t.d. vere at det oppstår uønskte massar, at utstyr blir montert og at havbotnen blir fysisk endra. Relevante oppryddingstiltak kan då vere deponering og/eller fjerning av massane, fjerning av utstyr og tilbakefylling.

5.5 Spørsmålet om når oppryddinga er «forsvarlig»

I teorien kan rettshavaren setje i verk omfattande tiltak, utan at oppryddinga er «forsvarlig» etter § 5-1. Spørsmålet om når rettshavaren sitt oppryddingsarbeid er *godt nok* til å innfri plikta i § 5-1, kviler på korleis ein skal forstå vilkåret «forsvarlig».

³⁸ Prop. 106 L (2017-2018) s. 33.

³⁹ Hbml. § 1-1.

⁴⁰ Sjå *pkt. 6.4*.

⁴¹ Ot.prp.nr. 43 (2008-2009) s. 148–148; Falkanger (2018), merknad til § 50.

Det at noko skjer på ein «forsvarlig» måte forstår ein vanlegvis som at det skjer på akseptabelt, trygt og føremålstenleg vis. Ordet er *kvalifiserande*, i den forstand at det uttrykkjer at den påbodne handlinga må bli utført på ein viss måte for å vere i tråd med påbodet.

Vilkåret er skjønnsprega, i den forstand at det manglar fast innhald. Om noko er forsvarleg vil variere frå situasjon til situasjon og avhenge av kva typetilfelle ein taler om. Det vil t.d. vere forsvarleg for dei fleste vaksne menneske å stramme hjulboltane på ein personbil utan tilsyn, medan det kan vere uforsvarleg å late eit barn utføre den same oppgåva aleine.

Paragrafane 1-7 om forsvarleg verksemd og 4-11 om forsvarleg utvinning inneheld tilsvarande forsvarleg-vilkår som i § 5-1. Føresegnene kan setje «forsvarlig» i § 5-1 i kontekst, og er difor relevante tolkingsbidrag. Forsvarlevilkåret i § 1-7 har blitt kalla ein rettsleg standard.⁴² Den same merkelappen høver til forsvarleg-vilkåret i § 5-1. Rettslege standardar føreset eit sett med retningsliner, om enn skiftande, som rettsbrukaren ser til for å fylle regelen med innhald.⁴³

Lovgjevingsmetoden høver godt med prinsippet om best tilgjengeleg teknologi. Rettshavaren må sørgje for å evaluere dei teknologiske løysingane sine undervegs i utvinningsprosessen. Slik kan han gjere naudsynte justeringar når nye/andre løysingar vier seg å vere meir forsvarlege. Lova uttrykkjer ikkje prinsippet direkte, men går implisitt fram av t.d. §§ 4-11 og 6-1.

Paragraf § 1-7 gjeld «[a]ll mineralvirksomhet etter denne loven», inkludert opprydding, og er ei HMS-føresegn, slik som førebiletet i petroleumslova § 10-1.⁴⁴ Kravet til forsvarleg verksemd i § 1-7 inneber ifølgje Olje- og energidepartementet at ein må «gjere alle rimelege tiltak for å unngå skade på naturmangfaldet i havet [...] og for å unngå forureining og forsøpling».⁴⁵ Utsegna stammar frå ei stortingsmelding, og har difor svært avgrensa rettskjeldevekt, men illustrerer likevel korleis ein oppfattar vekta til miljøomsyn i forsvarleg-vurderingar etter lova.

Forsvarleg-vilkåret er eit funksjonskrav. Det er i utgangspunktet er opp til rettssubjektet (rettshavaren) å avgjere korleis det lovfeste resultatet skal bli oppnådd.⁴⁶ Bruken av rettslege standardar viser rettshavaren til standardar, rettleiingar og direktiv som er relevante for etterlevinga av den regelen standarden er knytt til.⁴⁷ Bransjestandardar utvikla i samband med

⁴² Hellerslia (2022) s. 25.

⁴³ Knoph (1939) s. 1–6.

⁴⁴ Hbml. § 1-7 første ledd første punktum; Hellerslia (2022) s. 25.

⁴⁵ St.meld. nr. 25 (2022-2023) s. 27.

⁴⁶ Lindøpe/Engen (2013) s. 5; Hellerslia (2022) s. 25; Hammer m.fl. (2009) s. 686–687.

⁴⁷ Nordtveit (2020) s. 11.

mineralverksemda vil kunne vere med på å utfylle regelverket.⁴⁸ Det er ikkje uvanleg at slike standardar ikkje ligg føre i form av offentleg regulering. Minerallova § 50 andre ledd gjev t.d. departementet kompetanse til å gje forskrift om det nærmare innhaldet i oppryddingsplikta. Slik forskrift ligg ikkje føre på tidspunktet for denne oppgåva. Til gjengjeld finst det standardar for opprydding i mineralverksemd på land. Tolking av lovtekst og førearbeid gjev regelen eit sjølvstendig innhald. Det kan vere etablerte bransjestandardar for korleis opprydding blir gjennomført, og det kan bli gjeve eigne oppryddings- og utsleppsvilkår i tildelinga av utvinnings- og utsleppsløyve.⁴⁹

Havbotnminerallova § 4-11 krev at «[u]tvinningen skal skje i samsvar med forsvarlige tekniske, miljøfaglige og sunne økonomiske prinsipper, og det skal unngås at mineraler går unødig tapt. For å oppnå dette, skal rettighetshaveren fortløpende vurdere utvinningsstrategien og tekniske løsninger og iverksette nødvendige tiltak». Oppryddinga undervegs i utvinninga bør, i alle fall i praksis, bli sett på som ein del av utvinningsarbeidet. Kravet til forsvarleg utvinning blei kopla opp mot opprydding i proposisjonen òg.⁵⁰

Oppryddinga må då òg «skje i samsvar med forsvarlige tekniske, miljøfaglige [...] prinsipper» for å vere «forsvarlig» etter § 5-1. Paragraf § 4-11 andre punktum viser at prinsippet om best tilgjengeleg teknologi er eit relevant moment i tolkinga av «forsvarlig»-vilkåret i § 5-1. Det støttar forståinga om at «forsvarlig»-kravet er dynamisk, og at ei oppryddingsteknikk/-strategi som var forsvarleg tidleg i utvinninga undervegs kan ende opp med å bli uforsvarleg dersom ein ikkje justerer metodane sine i tråd med ny kunnskap og teknologi. Utfyllinga av forsvarlegvilkåret i § 5-1 med forsvarlegvilkåret i § 4-11 krev ikkje at § 4-11 kjem direkte til bruk på oppryddinga. Der er tilstrekkeleg at dei same omsyna og føremåla gjer seg gjeldande.

Kravet til forsvarleg utvinning i § 4-11 inneber òg at ein skal «unngå at mineraler går unødig tapt».⁵¹ Oppryddingsarbeidet vil omfatte disponering av massar med kommersielt uinteressant mineralinnhald (gråberg). Sagt med andre ord kan forsvarlegvilkåret påverke grensa for mineralinnhald ein bergart må ha for å reknast som «malm» i kommersiell samanheng.

Eit spørsmål som oppstår i denne samanhengen, er om det vil vere uforsvarleg å etterlate massar med mineral det er tekniske mogeleg, men ulønsamt å utvinne. Ordlyden nemner ikkje

⁴⁸ St.meld. nr. 25 (2022-2023) s. 29.

⁴⁹ Sjø t.d. NFD (2022) s. 24–25; KMD (2016) s. 1–9; KMD (2015) s. 5–22; MDIR (2023) s. 1.

⁵⁰ Prop. 106 L (2017-2018) s. 43.

⁵¹ Hbml. § 4-11 første punktum.

økonomiske vurderingar som eit relevant omsyn, men pålegg å forhindre sløsing med mineral. Føresegna sitt første punktum pålegg likevel at utvinninga skal skje i tråd med «sunne økonomiske prinsipper». I lys av konteksten til føresegna som heilskap, veg omsynet til økonomisk lønsemd tyngre enn omsynet til høgst grad av ressursutnytting.

Føresegna svarer til petroleumslova § 4-1 første og andre punktum.⁵² Der er formuleringa at «øding av petroleum eller reservoarenegeri [skal] unngås».⁵³ Føresegna pålegg tilsynelatande optimal ressursutnytting utan omsyn til lønsemd. Førearbeida klargjer likevel at føremålet med regelen er å unngå sløsing med «kommersielt utvinnbare ressurser».⁵⁴ Eg går ut ifrå at den tilsvarande formuleringa i havbotnminerallova § 4-1 første ledd skal forståast på same måte.

Havbotnminerallova § 5-1 viser til «forsvarlige [...] miljøfaglige [...] prinsipper». Økonomiske omsyn er ikkje avgjerande aleine. Sjølv om målsetnaden er økonomisk lønsemd, er omsynet til varetaking av miljøet framheva. Omsyna kan vere motstridande. Frå eit miljøperspektiv er høgst mogeleg grad av ressursutnytting ønskeleg, sidan ein reduserer behovet for ytterlegare inngrep. Dette kan kollidere med verksemda si lønsemd.

I proposisjonen vurderte departementet det slik at ein ikkje burde ta med formuleringa om at ein skulle «unngå at mineraler går unødig tapt», nettopp på grunn av at «en slik bestemmelse vil for mineralvirksomhet kunne stå i kontrast til målsettingen om lønnsom produksjon».⁵⁵ Når formuleringa likevel har blitt vedteken, kan ein gå ut ifrå at miljøomsyn skal vektleggjast saman med økonomiske omsyn i ressursutnytingsvurderinga.

Svaret på spørsmålet om det er uforsvarleg å late ulønsame mineralmengder ligge igjen, kviler på korleis ein skal vege omsyna til miljø og økonomi mot kvarandre. I føremålsføresegna blir «verdiskaping» og «miljø» nemnde som likeverdige omsyn, noko som tilseier at økonomi- og miljøomsyn skal vege likt i ressursutnytingsvurderinga etter § 4-11, jf. § 5-1. Førearbeida presiserer at «hovedmålsettingen» med lova er «en samfunnsøkonomisk lønnsom forvaltning av mineralressursene» medan omsynet til miljø «skal ivaretas».⁵⁶ Det er ikkje openbert at ein kan setje likskapsteikn mellom «samfunnsøkonomisk lønnsom[het]» og «sunne økonomiske prinsipper», men presiseringane i proposisjonen til føremålsføresegna i § 1 antyder at økonomiske

⁵² Prop. 106 L (2017-2018) s. 65.

⁵³ Petrl. § 4-1 andre punktum.

⁵⁴ Alvik, Ivar. Karnov lovkommentar: Petroleumsloven – petrl 1996, note 1 til § 4-1, Lovdata.no (henta 2. november 2023).

⁵⁵ Prop. 106 L (2017-2018) s. 44.

⁵⁶ Prop. 106 L (2017-2018) s. 26 og 55; Innst. 150 L (2018-2019) s. 3; Hellerslia (2022) s. 17–18.

omsyn skal vere styrande. Når det gjeld spørsmålet om opprydding vil vere uforsvarleg dersom ein legg igjen massar med mineral det er teknisk mogeleg, men økonomisk ulønsamt å utvinne, vil svaret ofte vere nei.

Når det gjeld spørsmålet om kva som ligg i «mens arbeidene pågår», ut over at plikta gjeld i utvinningsfasen, tilseier ordlyden at oppryddingsarbeidet skal altså gå føre seg etter kvart. Sagt med andre ord, skal oppryddingsarbeidet skje fortløpande. Det tilsvarande forsvarleg-vilkåret i minerallova § 50 første ledd første punktum er skildra slik:

«[k]ravet om at oppryddingen skal være «forsvarlig» kan innebære at oppryddingen skal skje suksessivt. Dette vil nok først og fremst være aktuelt på driftsstadiet, men kan også være aktuelt på undersøkelsesstadiet. Kravet om forsvarlig opprydding innebærer ikke at alt skal ryddes opp med en gang, men at opprydding først skal skje når en naturlig sammenhengende fase av arbeidet er avsluttet».⁵⁷

Dei same synsmåtane kan nok leggjast til grunn for opprydding under utvinning av havbotnmineral. I utgangspunktet kan altså oppryddinga vente til ein har gjort seg ferdig med ein del av arbeidet, og framleis vere forsvarleg.⁵⁸

Det finst òg etterarbeidsutsegner knytt til forsvarlegvilkåret i minerallova § 50. I merknadene til utkast til ny minerallov kommenterer utvalet at «opprydding» i noverande § 50 kan gje inntrykk av at det berre er maskiner og installasjonar som skal fjernast, men at «forsvarlig» klargjer at det skal meir til.⁵⁹ Kva som er «forsvarlig» opprydding vil variere frå prosjekt til prosjekt, og miljøkrava til oppryddinga vil òg variere i tråd med korleis miljøet har blitt påverka av utvinninga.

Resultatet av oppryddingsarbeidet vil òg vere relevant for å avgjere spørsmålet om oppryddinga innfrir forsvarlegvilkåret i § 5-1 eller ikkje. Føresegna var ikkje meint å leggje ei plikt på rettshavaren til å føre området som blir råka av havbotnmineralverksemda tilbake til opphavleg tilstand (restaurering).⁶⁰ I særlege tilfelle såg ein føre seg at rettshavaren kunne få stilt vilkår om restaurering i samband med utvinningsplan og -løyve.⁶¹ Departementet skriv ikkje særleg

⁵⁷ Ot.prp.nr. 43 (2008-2009) s. 148–149.

⁵⁸ Sjø *pkt. 5.2*.

⁵⁹ NOU 2002:8 s. 145.

⁶⁰ Prop. 106 L (2017-2018) s. 46.

⁶¹ *Ibid.*

meir om forsvarleg-vilkåret enn at det ikkje inneber eit krav om restaurering.⁶² Justiskomiteen sin korte merknad gjev lite rettleiing.⁶³ Departementet skriv at dei heller ikkje finn haldepunkt for at oppryddingsplikta i minerallova § 50 første ledd første punktum inneber ei plikt til «restaurering» av råka område.⁶⁴ Rettshavaren er likevel pålagt å «opprettholde en effektiv beredskap» mot fare for skadar på miljøet som følgje av forureiningsulykker, inkludert beredskapsiltak knytt til restaurering.⁶⁵ Terskelen for at oppryddinga blir rekna som «forsvarlig» utan restaureringstiltak er nok lægre i utvinningsfasen enn i avslutningsfasen.

Ein kan gå ut ifrå at oppryddinga ikkje er «forsvarlig» dersom ho innfrir krav i anna relevant, gjeldande regelverk.⁶⁶ Sagt med andre ord kan oppryddingstiltaka innfri krava i § 5-1 isolert, men vere i strid med krav i t.d. forureiningslova. I slike tilfelle kan ein vanskeleg rekne oppryddinga som «forsvarlig». Motsett kan ein òg sjå føre seg ein situasjon der krava etter anna relevant regelverk er innfridd, utan at det automatisk medfører at oppryddinga er «forsvarlig».

For å innfri «forsvarlig»-vilkåret er det altså ikkje tilstrekkeleg at rettshavaren handlar i tråd med anna gjeldande regelverk. Oppryddingsplikta i § 5-1 er sjølvstendig, og «forsvarlig»-vilkåret er igjen eit sjølvstendig krav. Ein kan t.d. stå overfor ein situasjon der det er lovleg å etterlate gråsteins- eller sedimentmassar etter forureiningslova, men at § 5-1 krev ei form for handtering av dei same massane for at oppryddinga skal vere «forsvarlig».⁶⁷

5.6 Innhaldet i tiltaksgjennomføringsplikta

Rettshavaren har, i tillegg til den generelle plikta til «forsvarlig opprydding», plikt til å «gjennomføre de tiltak departementet fastsetter om opprydding». Departementet kan påleggje «tiltak [...] om opprydding», men ordlyden er vag når det gjeld det nærmare innhaldet i tiltaka som kan påleggjast. Det er heller ikkje klart om det er tale om tiltak som blir pålagde i utvinningsløyve eller vedtak om godkjenning av utvinningsplan, eller tiltak som blir pålagde undervegs i utvinninga.

⁶² Ibid.

⁶³ Innst. 150 L (2018-2019) s. 14.

⁶⁴ Prop. 106 L (2017-2018) s. 46.

⁶⁵ Hbml. § 6-2 første ledd andre punktum; sjå *pkt. 7.4* og *8.5*

⁶⁶ Sjøå *kap. 7*.

⁶⁷ Sjøå *kap. 8*.

I havbotnminerallova § 5-1 heiter det at «departementet» fastset tiltak. I proposisjonen les ein at «miljømyndighetene» kan påleggje oppryddingstiltak.⁶⁸ I forureiningslova er det «forurensningsmyndigheten» som kan sørge for gjennomføring av tiltak.⁶⁹ I førearbeida til forurl. § 74 viser ein til «det offentlige».⁷⁰ Spørsmålet om «det skal fastsettes [...] egne bestemmelser om hvem som skal anses som forurensningsmyndighet for [oppryddingstiltak], må vurderes», og står altså igjen som uavklart i proposisjonen.⁷¹

Når det gjeld spørsmålet om kva oppryddingstiltak departementet kan påleggje, les ein i proposisjonen at «[m]iljømyndighetene kan [...] pålegge konkrete oppryddingstiltak, jf. forurensningsloven §§ 4 og 74».⁷² Forureiningslova § 4 regulerer lova sitt verkeområde på kontinentalsokkelen. Forureiningslova § 74 gjev forureiningsmyndigheita rett til å «sørge for iverksetting» av tiltak som den ansvarlege tidlegare har blitt pålagt i medhald av forurl. §§ 7 fjerde ledd eller 37, men som den ansvarlege ikkje har gjennomført.⁷³

Forurl. § 7 fjerde ledd gjeld gjev forureiningsmyndigheita heimel til å «pålegge den ansvarlige å treffe tiltak etter [§ 7] annet ledd første til tredje punktum innen en nærmere angitt frist» (forureining og fare for forureining) og § 37 gjeld pålegg om opprydding av avfall (forsøpling). For opprydding av avfall på kontinentalsokkelen gjeld § 74, jf. 7 tilsvarande i staden for § 37.⁷⁴

Tilvisinga til forurl. § 74 antyder at det er tale om oppryddingstiltak som kjem under utvinninga, altså *etter* at utvinningsløyve er gjeve og utvinningsplanen er godkjend. Tiltaksgjennomføringsplikta gjeld altså påbod departementet pålegg undervegs i utvinninga. Påbod om oppryddingstiltak *før* utvinninga har teke til, kan kome i form av vilkår til godkjenning av utvinningsløyve og utvinningsplan.⁷⁵

Når det gjeld spørsmålet om kva innhald slike påbod kan ha, gjev tilvisinga til forurl. § 74 òg rettleiing. Forureiningsmyndigheitene kan «sørge for iverksetting» av tiltak «som ikke etterkommes» av den ansvarlege.⁷⁶ Ordlyden viser til tilfelle der forureiningsmyndigheita sjølv gjennomfører tidlegare pålagde tiltak den ansvarlege ikkje har gjennomført.

⁶⁸ Prop. 106 L (2017-2018) s. 67.

⁶⁹ Forurl. § 74 første ledd.

⁷⁰ Ot.prp.nr. 11 (1979-1980) s. 165.

⁷¹ Prop. 106 L (2017-2018) s. 67.

⁷² Ibid.

⁷³ Forurl. § 74 første ledd.

⁷⁴ Forurl. § 4 andre ledd andre punktum.

⁷⁵ Hbml. §§ 4-1 femte ledd, 4-4 sjuande ledd første og andre punktum.

⁷⁶ Forurl. § 74 første ledd .

I førearbeida er § 74 omtalt som «en subsidiær rett til å gripe inn» for det offentlege når «den ansvarlige ikke iverksetter nødvendige tiltak».⁷⁷ Utsegna antyder at det offentlege skal gjennomføre tiltak etter § 74, og ikkje rettshavaren sjølv. I 2000 fekk Lovavdelinga i Justisdepartementet spørsmål frå det dåverande Miljøverndepartementet om «myndighetenes kompetanse til å fullføre tiltak etter forurl. § 74 selv etter at den ansvarlige ønsker å overta oppryddingsarbeidet».⁷⁸ Lovavdelinga uttalte at:

«[d]et overordnede formålet bak forurl. § 74 er å legge til rette for å forhindre forurensning og forsøpling eller avbøte skadevirkningene, ved at forurensningsmyndigheten gis hjemmel til å handle dersom den ansvarlige ikke handler. I et slikt perspektiv er det likegyldig om det er eieren eller forurensningsmyndigheten som iverksetter tiltakene, så lenge pålegget overholdes.»⁷⁹

Lovavdelingsutsegna støttar oppfatninga av at forurl. § 74 hovudsakleg dreier seg om forureiningsmyndigheita sin rett til å sjølv gjennomføre oppryddingstiltak, men stengjer ikkje for at den ansvarlege kan gjennomføre dei pålagde tiltaka. Lovavdelingsutsegner har avgrensa rettskjeldevekt, og bør vurderast deretter.⁸⁰ Sidan utsegna ovanfor er generell og byggjer på føremålssynsmåtar, verkar det likevel forsvarleg å sjå til ho.

Forureiningslova § 74 andre ledd gjev forureiningsmyndigheita heimel til å sørge for gjennomføring av oppryddingstiltak *utan* at dei tidlegare har blitt pålagde den ansvarlege etter forurl. §§ 7 fjerde ledd og 37. Vilkåra er at det vil føre til forseinking å gje slikt pålegg, eller at det er uvisst kven den ansvarlege er. Føresegna gjev myndigheitene heimel til å gripe inn på kort varsel ved akutt forureining.

Forureiningsmyndigheita kan gje forskrift om gjennomføring av tiltak etter § 74 første og andre ledd.⁸¹ I proposisjonen til havbotnminerallova les ein at spørsmålet om «det skal fastsettes egne forskrifter om oppryddingstiltak, slik forurensningsloven § 74 åpner for [...] må vurderes».⁸² Utsegna tyder på at forskrifter om oppryddingstiltak etter forurl. § 74 fjerde ledd skal reknast inn under «de tiltak departementet fastsetter» i § 5-1. Rettshavaren har altså plikt til å gjennomføre tiltak påbodne *før* utvinninga, der desse er gjevne i forskrift.

⁷⁷ Ot.prp.nr. 11 (1979-1980) s. 165.

⁷⁸ JD-LOV-2000-8016

⁷⁹ Ibid.; sml. HR-2017-331-A, avsn. 80.

⁸⁰ Sjø t.d. TOSL-2020-64433 s. 14.

⁸¹ Forurl. § 74 fjerde ledd.

⁸² Prop. 106 L (2017-2018) s. 67.

Gjennomgangen ovanfor kan gje inntrykk av at tiltaksgjennomføringsplikta berre er ei tilvising til handhevingsføresegnene i forurl. § 74. Ordlyden knytt til tiltaksgjennomføringsplikta er vag, og ein må til førearbeida for å finne tilvisinga. Desse haldepunkta gjev ikkje tilstrekkeleg grunnlag til å tolke regelen innskrenkande. Departementet sin kompetanse til å fastsetje tiltak må altså vere vidare enn det som følgjer av forurl. § 74. Sjølv om formuleringa er vag kva gjeld konkret innhald i tiltaka departementet kan påby, er ho klar når det gjeld rettshavaren si plikt til å gjennomføre dei. Departementet er gjeve eit skjønnsrom i fastsetjinga av oppryddingstiltak. Der verkemiddela i forurl. § 74, jf. §§ 7 fjerde ledd og 37 (på kontinentalsokkelen: § 74, jf. § 7) ikkje er tilstrekkelege eller passande, har departementet heimel i havbotnminerallova § 5-1 til å fastsetje oppryddingstiltak tilpassa dei utfordringane som måtte oppstå.⁸³

Eit siste viktig spørsmål er om myndigheitene kan gje oppryddingspålegg ut over kravet til «forsvarlig» opprydding. Ein kan sjå føre seg ein situasjon der rettshavaren har sett i verk oppryddingstiltak som innfrir «forsvarlig»-vilkåret, men at myndigheitene krev ytterlegare oppryddingstiltak.

Ordlyden og førearbeida stengjer ikkje for ein slik utvida rett for myndigheitene. I utgangspunktet kan kontekst- og føremålssynsmåtar synest å tale for at rettshavaren ikkje har ei plikt til å gjennomføre pålagde oppryddingstiltak ut over det som er naudsynte for å innfri «forsvarlig»-vilkåret. Ordlyden og førearbeida viser likevel at tiltaksgjennomføringsplikta kjem som eit tillegg til rettshavaren si eiga plikt til forsvarleg opprydding.

Tiltaksgjennomføringsplikta gjeld heller ikkje berre «opprydding» men «avslutning» òg, og er formulert på ein måte som ikkje knyter tiltaksgjennomføringsplikta til «forsvarlig»-vilkåret tidlegare i føresegna. Den indre samanhengen i føresegna taler for ein utvida rett for myndigheitene til å påleggje oppryddingstiltak.

Omsynet til effektiv handheving av oppryddingsreglane taler òg for ei slik forståing. Omsynet gjer seg særleg gjeldande i tilfelle der det er usemje mellom rettshavaren og myndigheitene om kva tiltak som er naudsynte for at opprydding skal vere «forsvarlig». Eg legg avgjerande vekt på ordlyden nå eg legg til grunn at myndigheitene med heimel i § 5-1 kan gje oppryddingspålegg ut over kravet til «forsvarlig» opprydding.

⁸³ Sjå *pkt. 7.3*.

6 Tolkingssbidrag og skrankar frå relevante miljøregelverk

6.1 Innleiing

Noreg er bunden av fleire konvensjonar som regulerer aktivitetar i havet og på havbotnen, og eit omfattande nasjonalt miljøregelverk. Havbotnminerallova gjeld med «de begrensningene som følger av overenskomster med fremmede stater eller folkeretten for øvrig».⁸⁴ I dette kapitlet vil å sjå nærmare på nasjonale og folkerettslege miljøregelverk påverkar tolkinga av «forsvarlig»-vilkåret i hbml. § 5-1. Regelverka bidreg til å setje forsvarlegvilkåret i kontekst, og til å leggje avgrensingar på både påkravde og forbodne oppryddingstiltak.

6.2 Havrettskonvensjonen

De forente nasjoners havrettskonvensjon (havrettskonvensjonen – HRK) inneheld fleire føresegner om aktivitet på havbotnen, både innanfor og utanfor kyststaten sin jurisdiksjon. Noreg er bunden av konvensjonen. Spørsmålet er om konvensjonen kan kaste lys over korleis ein skal forstå kravet til forsvarleg opprydding i hbml. § 5-1.⁸⁵

Havrettskonvensjonen art. 192 fastset ei generell plikt til å verne havmiljøet. Sjølv om staten har suveren rett til å utnytte naturressursane på kontinentalsokkelen i tråd med sin eigen miljøpolitikk i medhald av art. 193, må utnyttinga skje i samsvar med plikta til å verne havmiljøet.⁸⁶

Havrettskonvensjonen art. 208 pålegg Noreg å «adopt laws and regulations to prevent, reduce and controll pollution of the marine environment arising from or in connection with sea-bed activities subject to their jurisdiction and from [...] installations and structures under their jurisdiction» både i den økonomiske sona og på kontinentalsokkelen.⁸⁷ Noreg pliktar altså å utforme regelverk som skal førebyggje, redusere og kontrollere forureining frå havbotnmineralverksemd. Havbotnminerallova § 5-1 må tolkast i lys av føresegna, som ein del av gjennomføringa av pliktene i art. 208.

⁸⁴ Hbml. § 1-2 siste ledd.

⁸⁵ HRK art. 194 nr. 3 bokstav c.

⁸⁶ Platjouw (2021) s. 64.

⁸⁷ HRK art. 208 nr. 1.

Konvensjonens art. 194 pålegg statane ei plikt til å førebyggje, redusere og kontrollere forureining i havmiljøet frå havbotnmineralverksemd. Meir konkret skal statane «minimize to the fullest possible extent [...] pollution from installations and devices used in exploitation of the natural resources of the sea-bed and subsoil, in particular measures for preventing accidents and dealing with emergencies».⁸⁸ Noreg har altså særleg forplikta seg til å hindre forureining frå «installations and devices» brukt i havbotnmineralverksemd. I den norske omsetjinga er uttrykket «innretningar og anordningar» brukt. Uttrykket er ikkje definert i konvensjonen. Konvensjonen sitt føremål om å verne det marine naturmiljøet taler for å at uttrykket får eit vidt omfang.⁸⁹ Ein kan t.d. sjå føre seg at utvinningsutstyr er omfatta. Ein må tolke hbml. § 5-1 i tråd med konvensjonen. Ein må då forstå hbml. § 5-1 slik at rettshavaren er pålagt å fjerne utvinningsutstyr i den grad det kan vere ei kjelde til forureining av havmiljøet.

Artikkel 194 pålegg òg staten å sørgje for tiltak for å førebyggje og handtere naudssituasjonar. Denne plikta blir framheva som særleg viktig («in particular»). Ein kan forstå denne føresegna som ei plikt til å gjennomføre tiltak for opprydding i samband med større forureiningsulykker.⁹⁰ Plikta kan vere innfridd gjennom tiltaksgjennomføringsplikta i havbotnminerallova § 5-1 og forureiningslova kap. 6.⁹¹

Havrettskonvensjonen har rettskjeldevekt ved tolkinga av § 5-1, hovudsakleg på grunn av dei pliktene konvensjonen legg på Noreg når det kjem til å verne havmiljøet frå forureining frå havbotnmineralverksemd. Ein må lese § 5-1 i tråd med pliktene i konvensjonen. Ein må då forstå § 5-1 slik at oppryddinga må omfatte fjerning av utvinningsutstyr som utgjer ein forureiningsfare for å vere «forsvarlig».

6.3 Havbotnstyresmakta sitt regelverksutkast

Den internasjonale havbotnstyresmakta (Havbotnstyresmakta) blei oppretta i 1994.⁹² Havbotnstyresmakta sin kompetanse er heimla i HRK art. 156 flg. Havbotnstyresmakta held for tida på med å utforme eit utvinningsregelverk som skal gjelde for havbotnmineralverksemd utanfor

⁸⁸ HRK art. 194 nr. 3 bokstav c.

⁸⁹ HRK, fortalen, avsn. 5.

⁹⁰ HRK art. 194 nr. 3 bokstav c.

⁹¹ Sjå *pkt. 7.4*.

⁹² På engelsk: The International Seabed Authority (ISA).

nasjonal jurisdiksjon (Området). Regelverket kjem ikkje til å kome til bruk på norsk kontinentalsokkel. Det ligg føre eit utkast til utvinningsregelverk (utkastet).⁹³

Havrettskonvensjonen art. 208 pålegg òg statane å ha reglar om tiltak mot forureining frå havbotnmineralverksemd innanfor nasjonal jurisdiksjon som er like effektive som internasjonale reglar.⁹⁴ Når Havbotnstyresmakta sitt regelverk endeleg er vedteke, vil det altså ha direkte påverknad på Noreg sine plikter etter HRK art. 8.⁹⁵ Dette kan igjen tenkjast å påverke krav til oppryddingsarbeidet i medhald av hbml. § 5-1.

Regelverksutkastet byggjer på HRK art. 145 og 150. HRK art. 145 gjeld vern av det marine miljø i Området frå skadelege verknader av havbotnmineralverksemd. Her er òg skadelege verknader av «disponering av avfall» nemnt.⁹⁶ HRK art. 150 gjeld retningsliner for verksemd i Området, inkludert ei formulering om å unngå «sløsing» som svarer til den ein finn i hbml. § 4-11.

Utkastet inneheld eit generelt påbod til rettshavaren om å «take necessary measures to prevent, reduce and controll pollution and other hazards to the Marine Environment from its activities in the Area» i tråd med ein prosjektsesifikk miljøhandterings- og overvakingsplan miljøovervakingsplan og relevante standardar og retningsliner.⁹⁷

Den prosjektsesifikke miljøhandterings- og overvakingsplanen skal bli utarbeidd saman med utvinningsplanen, og blir sendt på høyring av Havbotnstyresmakta før den eventuelt blir godkjent.⁹⁸ Planen skal mellom anna innehalde detaljar om «Mining discharges» og ein avfallshandteringsplan.⁹⁹ «Mining discharges» er ikkje definert i utkastet. Det kan grovt omsetjast til *mineralutslepp*».

Rettshavaren er òg pålagd å utarbeide ein plan for å handtere akutte forureiningsulykker.¹⁰⁰ Denne planen skal òg innehalde ei vurdering av «Mining discharges» og korleis ein skal handtere dei.¹⁰¹ I vurderinga av om den overordna utvinningsplanen skal godkjennast skal

⁹³ The International Seabed Authority (ISA), [Draft regulations on the exploitation of mineral resources in the Area](#), (ISBA/25/WP.1), Kingston 2019.

⁹⁴ HRK art. 208 nr. 3.

⁹⁵ St.meld. nr. 25 (2022-2023) s. 30.

⁹⁶ HRK art. 145 bokstav a.

⁹⁷ Havbotnstyresmakta sitt regelverksutkast, føresegn 49 og 48.

⁹⁸ Op.cit., føresegn 8, bokstav g.

⁹⁹ Op.cit., Vedlegg VII, nr. 2 bokstav o.

¹⁰⁰ Op.cit., Vedlegg V, nr. xviii.

¹⁰¹ Ibid.

Havbotnstyresmakta mellom anna vurdere om rettshavaren er eigna til å handtere akutte forureiningsulykker, kan ta i bruk best tilgjengeleg teknologi og ta omsyn til naturmiljøet på utvinningsstaden.¹⁰²

I utkastet er det hovudregelen at rettshavaren («the contractor») ikkje skal «dispose, dump or discharge into the Marine Environment any Mining Discharge».¹⁰³ Det kan gjerast unntak når det er i tråd med retningsliner eller miljøhandterings- og overvåkingsplanen eller for å forhindre fare for liv og helse eller skip eller andre innretningar som er brukte i utvinninga.¹⁰⁴

Dei relevante tolkingsbidraga utkastet gjev til forståinga av § 5-1 er hovudsakleg at det på internasjonalt nivå vil bli stilt strenge krav til handtering av miljøinteresser under utvinninga, og at det må bli vist omsyn til desse i oppryddingsarbeidet. Dumping/deponering av avfall vil i utgangspunktet ikkje bli tillate, men dersom det er forsvarleg av omsyn til miljøet, kan ein gjere unntak.

6.4 Naturmangfaldlova

Naturmangfaldlova (nml.) gjennomfører delar av konvensjonen om biologisk mangfald (CBD). Lova gjev lovs rang til fleire miljørettslege prinsipp som er relevante for havbotnmineralverksemd. Prinsippa skal «legges til grunn som retningslinjer ved utøving av offentlig myndighet».¹⁰⁵ Spørsmålet som då oppstår er om dei miljørettslege prinsippa i naturmangfaldlova er relevante for tolkinga av rettshavaren si plikt til «forsvarlig opprydding» i hbml. § 5-1. Rettshavaren utøver ikkje noka «offentlig myndighet», og er altså ikkje rettssubjekt for føresegn. Dette er òg eksplisitt uttalt i førearbeida.¹⁰⁶

Når det er sagt, vil det at miljørettslege prinsipp blir lagt til grunn som retningsliner ved utøving av offentleg myndighet kunne påverke rettshavaren si oppryddingsplikt direkte. I tillegg til tiltaksgjennomføringsplikta i hbml. § 5-1, kan Kongen etter hbml. § 4-1 femte ledd setje vilkår til oppryddinga i utvinningsløyvet, og departementet kan etter hbml. § 4-11 sjuande ledd stille vilkår til oppryddinga i vedtak om godkjenning av utvinningsplan.

¹⁰² Op.cit., føresegn 13.

¹⁰³ Op.cit., føresegn 50 (1).

¹⁰⁴ Op.cit., føresegn 50 (1) a) & b), og (2).

¹⁰⁵ Nml. § 7 første punktum.

¹⁰⁶ Ot.prp.nr. 52 (2008-2009) s. 377.

Særleg føre var-prinsippet synest relevant for spørsmålet om kva utvinningsrelevante tiltak som skal til for at oppryddinga skal reknast som «forsvarlig» i hbml. § 5-1. Departementet meinte det ikkje var grunn til å ta inn føre var-prinsippet i havbotnminerallova, sidan naturmangfaldlova si føre var-føresegna gjeld på kontinentalsokkelen.¹⁰⁷ Eg meiner difor at det er forsvarleg å leggje til grunn dei miljørettslege prinsippa i naturmangfaldlova som kjem til bruk på kontinentalsokkelen som relevante tolkingsbidrag i tolkinga av hbml. § 5-1.¹⁰⁸

Det er interessant at nml. § 12 om miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar ikkje gjeld på kontinentalsokkelen.¹⁰⁹ Prinsippet har til gjengjeld fått utslag i forurl. § 2 nr. 3 om at ein ut ifrå miljøomsyn skal ta utgangspunkt i «den teknologi som [...] gir de beste resultater».¹¹⁰

Dersom ein tolkar oppryddingsplikta i hbml. § 5-1 i lys av føremålsparagrafen i hbml. § 1 og det miljørettslege føre var-prinsippet, vil rettshavaren måtte gjennomføre avbøtande oppryddingstiltak ikkje berre der ein veit at miljøet vil bli negativt påverka, men òg når det er *fare* for slik negativ påverknad.¹¹¹ På den måten kan det miljørettslege føre var-prinsippet få direkte påverknad på «forsvarlig»-vurdering i hbml. § 5-1.

6.5 Forureiningslova

Forureiningslova har si eiga oppryddingsplikta i forurl. § 28 tredje ledd. Føresegna pålegg den som har forsøpla (brote forsøplingsforbodet i § 28 første ledd) å sørgje for «nødvendig opprydding».

Oppryddingsplikta i § 28 strekkjer seg så langt som det er «nødvendig». Det verkar naturleg som å forstå dette som at oppryddingsplikta ikkje er innfridd før den ansvarlege har gjort det som er mogeleg for å fjerne forsøplinga.

Det kan òg tenkjast at ein med «nødvendig» skal forstå handtering av negative skadeverknader av forsøplinga òg. I proposisjonen er dette berre presisert til at den som bryt forsøplingsforbodet «skal rydde opp etter seg».¹¹² Dette er den same formuleringa som i utgreiinga.¹¹³

¹⁰⁷ Innst. 150 L (2018-2019) s. 4.

¹⁰⁸ Sml. Sage-Fuller (2013) s. 62 flg. og 112; Sands m.fl. (2018) s. 229–231.

¹⁰⁹ Nml. § 2 tredje ledd.

¹¹⁰ Sjå kap. 7.

¹¹¹ Sml. HR-2020-2472-P, avsn. 148

¹¹² Ot.prp.nr. 11 (1979-1980) s. 136.

¹¹³ NUT 1977:1 s. 149.

Oppryddingsplikta i forurl. § 28 tredje ledd gjeld berre retroaktive tiltak. Det er ei plikt til opprydding som *konsekvens* av brot på forsøplingsforbodet. Forsøplinga må altså allereie ha skjedd. Forureiningslova § 28 tredje ledd støttar standpunktet om at hbml. § 5-1 berre gjeld retroaktive tiltak, slik som minerallova § 50.

6.6 Osparkonvensjonen og restaureringstiltak

Under visse omstende kan rettshavaren vere forplikta til å gjennomføre restaurerande oppryddingstiltak for at oppryddinga skal reknast som «forsvarlig» i hbml. § 5-1.¹¹⁴ Konvensjonen om bevaring av det marine miljø i Nordøst-Atlanteren (Oslo-Paris-konvensjonen: Osparkonvensjonen) inneheld føresegnar om tilbakeføringsplikt. Det området på norsk kontinentalsokkel som regjeringa føreslår å opne for havbotnmineralverksemd, ligg innanfor konvensjonen sitt stadlege verkeområde.¹¹⁵

Konvensjonen pålegg staten å «ta ethvert mulig skritt å fjerne og eliminere forurensning, og skal treffe de nødvendige tiltak for å beskytte sjøområdet mot skadevirkninger av menneskelig virksomhet, for på den måten å sikre menneskene helse og bevare marine økosystemer».¹¹⁶ Som ein del av denne plikta er staten pålagd å «gjenopprette marine områder som er blitt skadet» der «det er praktisk mulig».¹¹⁷

Det er usikkert om det her er tale om all skade påført det marine miljøet generelt, om det er tale om all skade på det marine miljøet påført av menneskeleg aktivitet, eller om det er tale om all skade som er påført som resultat av den menneskelege aktiviteten konvensjonen direkte regulerer (som t.d. forbrenning, mudring og dumping). Kva som skal til før ein miljøpåverknad kan reknast som ein skade på marine område er heller ikkje openbert, men i tvilstilfelle tilseier føremålssynsmåtar at ein legg ein låg terskel til grunn for kva negative miljøverknader som skal reknast som slik skade. Kjerneområdet synest å vere negative påverknader av det marine økosystemet. Ei tolking av føresegna i tråd med traktatens gjenstand og føremål taler for at det er skadar på det marine miljøet som følgje av menneskeleg aktivitet ein har sikta til.¹¹⁸ Forbodet mot dumping er berre eitt av verkemiddela Osparkonvensjonen har for oppnå føremålet. Ei

¹¹⁴ Sjå pkt. 5.5.

¹¹⁵ Osparkonvensjonen art. 1 bokstav a.

¹¹⁶ Osparkonvensjonen art. 2 bokstav a.

¹¹⁷ Osparkonvensjonen art. 2 bokstav a og vedlegg V, art. 2 bokstav a; «biologisk mangfold» og økosystem i vedlegg V art. 2 bokstav a definert likt som i CBD, jf. Osparkonvensjonen vedlegg C art. 1.

¹¹⁸ Wienkonvensjonen art. 31.

føremålsretta tolking av «gjenopprette» antyder at ein i det minste må gjennomføre avbøtande tiltak som fjernar den negative miljøverknaden som utgjer ein skade på det marine miljøet.

Osparkonvensjonen kan altså ha direkte påverknad på kva tilfelle rettshavaren er pålagt å restaurere eit utvinningsområde til sin opphavlege tilstand. Dei sentrale vurderingsmomenta er om området er «skadet» og i så fall om «det er praktisk mulig» å restaurere området. Ein finn ei liknande formulering, «for så langt som mulig å føre miljøet tilbake til tilstanden før uhellet skjedde», i beredskapsføresegna i hbml. § 6-2 første ledd andre punkutm. Plikta verkar strengare enn det som er skissert i førearbeida til hbml. § 5-1, der ein berre taler om å påleggje ei slik plikt i særlege tilfelle.¹¹⁹ Sannsynet for at denne plikta blir aktuell er nok framleis lægre i utvinningsfasen enn i avslutningsfasen, uavhengig av kor terskelen for å påleggje ei restaureringsplikt måtte liggje.

Restaureringsføresegna i Osparkonvensjonen bitt staten, og legg ikkje eit særskilt ansvar på rettshavaren. «[F]orsvarlig»-vilkåret i hbml. § 5-1 må likevel bli tolka i tråd med konvensjonen.¹²⁰ I den grad konvensjonen kjem til bruk, og korleis ein forstår skade- og praktisk mogelegvilkåra, kan konvensjonen medføre ei strengare restaureringsplikt for rettshavaren, trass i at det formelt sett berre er staten som en bunden av konvensjonen.

6.7 Dumpingforbodet som skranke for oppryddingsplikta

Havrettskonvensjonen art. 194 pålegg Noreg å treffe tiltak for å minimere forureining av havmiljøet, slik eg har nemnt ovanfor. Plikta inneber at Noreg må treffe tiltak med sikte på å «begrense [...] utslipp av giftige, skadelige eller farlige stoffer, særlig stoffer som ikke er nedbrytbare [...] ved dumping» i «størst mulig grad».¹²¹ «[D]umping» er definert i art. 1 nr. 5.

Osparkonvensjonen utgjer ein del av Noreg si etterleving av plikta til å avgrense forureining frå dumping i HRK art. 194, og art. 197 og globalt og regionalt samarbeid om vern og bevaring av det marine miljøet.¹²² Konvensjonen inneheld eit generelt dumpingforbod som er gjennomført i norsk rett ved kap. 22 i forureiningsforskrifta. I førearbeida til havbotnminerallova etterlet spørsmålet om tilhøvet mellom Osparkonvensjonen og utslepp og injeksjon av mineralavfall på

¹¹⁹ Prop. 106 L (2017-2018) s. 46.

¹²⁰ Hbml. § 1-2 siste ledd.

¹²¹ HRK art. 194 nr. 3 bokstav a, jf. nr. 3.

¹²² Osparkonvensjonen, fortalen, avsn. 8.

kontinentalsokkelen til å bli avklart seinare.¹²³ Tilhøvet til Osparkonvensjonen er, så langt eg har klart å sjå, ikkje avklart i opningsforslaget eller den underliggjande konsekvensutgreiinga.

I den norske omsetjinga av konvensjonen er «dumping» definert som «enhver forsettlig disponering av avfall [sic] eller annet materiale i sjøområdet [...] fra skip eller fly; [...] fra offshore-installasjoner» og «enhver forsettlig disponering i sjøområdet av [...] skip eller fly;» eller «offshore-installasjoner og offshore-rørledninger».¹²⁴ Definisjonen avgrensar òg mot disponering i tråd med MARPOL-konvensjonen.¹²⁵ Det er berre offshore-installasjonar tilknytt petroleumsverksemd som er omfatta.¹²⁶ Når ein legg denne definisjonen til grunn, og les forbodet i kontekst av det som er relevant for havbotnmineralverksemd, gjeld forbodet «enhver forsettlig disponering av [avfall] eller annet materiale i sjøområdet [frå skip]».

I forureiningsforskrifta (som gjennomfører dumpingforbodet i Osparkonvensjonen) er «dumping» definert som «envher forsettlig disponering av avfall eller annet materiale i sjø [...] med det formål i bringe det av veien».¹²⁷ Denne definisjonen svarer i stor grad til dumpingdefinisjonen i Osparkonvensjonen art. 1. Dumpingdefinisjonane i både Osparkonvensjonen og forureiningsforskrifta svarer stort sett til definisjonen i HRK art. 1 nr. 5.

Dumpingforbodet er ikkje absolutt. Det er mellom anna gjort unntak for «kjemisk ubehandlet geologisk materiale, der det ikke er sannsynlig at de kjemiske bestanddeler vil frigis i det marine miljø».¹²⁸ Konvensjonen opnar altså for at rettshavaren kan *tilføre* gråberg til havbotnen som eit oppryddingstiltak, så lenge det er «ikke er sannsynlig» at giftige stoff vil lekke frå massane og påverke havmiljøet. Ein kan kalle slik tilføring dumping eller sjødeponering. Oppryddingstiltaket kan vere relevant når rettshavaren vil kvitte seg med gråbergsrestar som har følgd malmen til overflata. Førre var-prinsippet taler for at ein bør ha eit godt kunnskapsgrunnlag når ein vurderer sannsynet for slik forureining frå massane til havmiljøet. Unntaket er gjennomført i forureiningsforskrifta § 22-6, jf. 22-4.¹²⁹

Tilhøvet mellom dumpingforbodet og deponering som utvinningsrelatert oppryddingstiltak i medhald av hbml. § 5-1, jf. § 1-5 bokstav e er halde fram i førearbeida som eit viktig spørsmål

¹²³ Innst. 150 L (2018-2019) s. 3; Skjoldvær (2023) s. 27.

¹²⁴ Osparkonvensjonen art. 1 bokstav f.

¹²⁵ Osparkonvensjonen art. 1 bokstav g; MARPOL-konvensjonen er delvis gjennomført i FOR-2012-05-30-488.

¹²⁶ Osparkonvensjonen art. 1 bokstav l, jf. bokstav j.

¹²⁷ Forureiningsforskrifta § 22-2 bokstav e.

¹²⁸ Osparkonvensjonen, art. 3 nr. 2 bokstav b, jf. art. 3 nr. 1.

¹²⁹ Sjå *pkt.* 7.6.

å få avklart.¹³⁰ Deponering som oppryddingstiltak vil først kome i strid med dumpingforbodet der det er tale om å *tilføre* stoff til havbotnen som har vore handsama ved bruk at kjemikalium. I oppreiingsprosessar bruker ein ofte kjemikalium for å skilje minerala frå malmen, og det oppstår overskotsmassar ein må kvitte seg meg (avgangsmassar). Dersom ein innrettar utvinningsprosessen slik at oppreiinga skjer på skip på overflata, kan tilhøvet til dumpingforbodet bli aktuelt. Deponering/dumping av gråbergsmassar som ikkje har vore handsama ved bruk av kjemikalium vil tilsynelatande ikkje vere råka av dumpingforbodet. Slik deponering/dumping kan altså vere eit relevant oppryddingstiltak.

Fleire av dei skisserte utvinningsmodellane involverer av-vatning av massar som blir ført frå havbotnen til skip eller installasjonar på overflata.¹³¹ Av-vatning av massar som blir brakt til overflata kan òg reknast som ei *tilføring* av stoff som råkast av dumpingforbodet, sidan vatnet vil innehalde partiklar. Dumping/deponering av gråbergsmassar eller sediment kan òg føre til partikkelspreiing. Sjølv om slik deponering/dumping ikkje er råka av dumpingforbodet, må ein likevel vurdere om tiltaket er «forsvarlig» etter hbml. § 5-1 i lys av partikkelspreiinga.¹³² Svaret er ikkje openbert, ettersom det finst ulike måtar å redusere partikkelspreiing frå mineralavfall og avgangsmassar.¹³³

¹³⁰ Innst. 150 L (2018-2019) s. 3; Prop. 106 L (2017-2018) s. 19.

¹³¹ St.meld. nr. 25 (2022-2023) s. 41–43.

¹³² Sjø *pkt.* 8.2; OED (2022) s. 100.

¹³³ Sjø t.d. Jarvis m.fl. (2005); Rau m.fl. (2018); Yeung/Pelton (1996).

7 Andre forureinings- og avfallshand- teringsreglar som kjem direkte til bruk

7.1 Innleiing

I dette kapittelet ser eg på nokre utvalde, oppryddingsrelevante miljøregelverk som kjem direkte til bruk på kontinentalsokkelen. Eg diskuterer EØS-avtalens sitt stadlege verkeområde, og relevansen til forureiningslova, inkludert føremålet om å verne det ytre miljøet og å redusere avfallsmengda. Gjennomgangen av forureiningslova sitt stadlege verkeområde konkluderer at den sannsynlegvis kjem til bruk på havbotnmineralverksemd på kontinentalsokkelen med dei tilpassingane som følgjer av § 4. Eg ser òg på akutte forureiningsulykker og utslepp på kontinentalsokkelen, og forureiningsforskrifta og avfallshandteringsreglane. Eg antek at avfall frå havbotnmineralverksemd er omfatta av forureiningslova sine reglar.

7.2 Kort om relevansen til EU/EØS-regelverk

Spørsmålet om EØS-avtalen gjeld på norsk kontinentalsokkel er omdiskutert.¹³⁴ Trosdahl skriv overtydande om sitt standpunkt om at EØS-avtalen gjeld på kontinentalsokkelen i den grad EØS-staten har jurisdiksjon.¹³⁵ Det offisielle standpunktet til Noreg er at EØS-avtalen berre gjeld innanfor territorialgrensene, og altså ikkje kjem til bruk på offshoreverksemd.¹³⁶ EØS-avtalen sitt geografiske verkeområde blir likevel ikkje sett på som noko hinder for at Noreg *kan* gjennomføre rettsakta, dersom det er ønskeleg frå norsk side.¹³⁷ Denne oppgåva gjev ikkje rom for å gå inngåande inn i den diskusjonen. I den grad EU-reguleringa er gjennomført i norsk rett, vil ein unngå å måtte ta stilling til EØS-avtalen sitt verkeområde, ettersom bruken av den aktuelle regelen på aktivitet på kontinentalsokkelen vil avhenge av den norske regelen sitt stadlege verkeområde.

I den grad EU-reguleringa er gjennomført i norsk rett, vil ein unngå å måtte ta stilling til EØS-avtalen sitt verkeområde, ettersom bruken av den aktuelle regelen på aktivitet på

¹³⁴ Platjouw (2021) s. 54.

¹³⁵ Trosdahl (2019) s. 112–114.

¹³⁶ Platjouw (2021) s. 54 med vidare tilvisingar.

¹³⁷ NFD (2014).

kontinentalsokkelen vil avhenge av den norske regelen sitt stadlege verkeområde.¹³⁸ I tilfelle der EU-reguleringa er mangelfullt gjennomført i norsk rett, eller ikkje er gjennomført i det heile, kan spørsmålet om EØS-avtalen kjem til bruk på aktivitet på kontinentalsokkelen likevel bli aktuelt. I tvilstilfelle vil dei EU-rettslege føresegnene dei norske gjennomføringsreglane byg- gjer på kunne fungere som presiserande tolkingsbidrag.¹³⁹

7.3 Forureiningslova si relevans og lova sitt verkeområde

Føremålet til forureiningslova er «å verne det ytre miljø mot forurensning [...] å redusere mengden av avfall og å fremme en bedre behandling av avfall» og å «sikre en forsvarlig miljøkvalitet, slik at forurensninger og avfall ikke [...] skader naturens evne til produksjon og selvfornyelse».¹⁴⁰ Forureiningslova slår fast at det «skal arbeides for å hindre at forurensning oppstår eller øker» og at lova skal nyttast for å «oppnå en miljøkvalitet som er tilfredsstillende ut fra en samlet vurdering» der mellom anna «naturmiljøet» er eit sentralt moment.¹⁴¹

Forureiningslova regulerer fleire generelle spørsmål der avveginga står mellom kommersielle interesser og miljøomsyn. I den grad forureiningslova kjem til bruk på havbotnmineralverksemd, kan fleire av føresegnene ha direkte relevans for korleis oppryddingsarbeidet blir gjennomført.

Eit innleiande spørsmål er om forureiningslova gjeld for mineralverksemd på norsk kontinentalsokkel. Forureiningslova § 4 slår fast at «[r]eglene i denne lov gjelder, med de begrensninger som følger av folkeretten og av loven selv (jf. kap. 8), også for [...] utvinning av undersjøiske naturforekomster på kontinentalsokkelen». Ut ifrå ordlyden er det tydeleg at lova kjem til bruk på kontinentalsokkelen, men berre for «utvinning av undersjøiske naturforekomster». Det er naturleg å tolke «undersjøiske naturforekomster» til å omfatte havbotnmineral òg. Når ein les utgreiinga blir det tydeleg at forurl. § 4 hadde olje- og gassverksemd for auga.¹⁴² Det blei likevel lagt til grunn at reglane i forureiningslova skulle gjelde uansett om verksemda var knytt til petroleumsførekomstar eller andre undersjøiske naturførekomstar.¹⁴³ Departementet føreset at

¹³⁸ Platjouw (2021) s. 58 flg.

¹³⁹ Arnesen (2015) s. 348; Arnesen m. fl. (2022) s. 64; Fredriksen/Mathisen (2018) s. 49.

¹⁴⁰ Forurl. § 1.

¹⁴¹ Forurl. § 2 første ledd nr. 1.

¹⁴² NUT 1977:1, s. 23 flg.

¹⁴³ Op.cit. s. 114.

forureiningslova kjem til bruk på havbotnmineralverksemd med dei tilpassingane som følgjer av forurl. § 4.¹⁴⁴ På grunnlag av ordlyden i førearbeida legg eg den same forståinga til grunn.

Einar Bratteng har stilt spørsmålsteikn ved om forurl. § 4 kjem til bruk på havbotnmineralverksemd. Spørsmålet dreier seg om tolkinga av «undersjøiske naturforekomster» i forurl. § 4 første ledd første punktum.¹⁴⁵ Slik eg ser det, stengjer ikkje ordlyden for at havbotnmineral kan vere omfatta. Konteksten viser at det er naturressursar ein siktar til. «[U]ndersjøiske» kan omfatte havbotnen. Forureiningslova var meint å gjelde for kontinentalsokkelverksemd knytt til «petroleumsforekomster eller andre undersjøiske naturforekomster».¹⁴⁶ Ein meinte at «undersjøiske naturforekomster» hadde eit fast meiningsinnhald som omfatta naturførekomstar på eller under havbotnen, og avgrensa mot t.d. fiske.¹⁴⁷ «[U]ndersjøiske naturforekomster» omfattar meir enn berre «petroleumsforekomster» (olje- og gassførekomstar).¹⁴⁸ Avgrensinga i lov om andre undersjøiske naturforekomster [...] på kontinentalsokkelen peiker i same retning. Sistnemnde regulerte havbotnmineralverksemd før havbotnminerallova. Der forstod ein «undersjøiske naturforekomster» på ein måte som ikkje avgrensa mot havbotnmineral.¹⁴⁹ Departementet sin føresetnad om at forurl. § 4 kjem til bruk på havbotnmineralverksemd synest då forsvarleg.

7.4 Forureiningslova sine reglar om handtering av akutt forureining

Havrettskonvensjonen pålegg Noreg å treffe tiltak for å handtere ulykker som oppstår i samband med havbotnmineralverksemd.¹⁵⁰ Rettshavaren pliktar å gjennomføre dei oppryddingstiltaka departementet fastset, og ein kan tenkje seg at departementet kan fastsetje oppryddingstiltak i samband med akutt forureining.¹⁵¹ Det er likevel relevant å stille spørsmålet om reglane om akutt forureining i forureiningslova kjem direkte til bruk på kontinentalsokkelen, slik at dei er direkte relevante for opprydding i samband med akutte forureiningsulykker i utvinningsfasen.

¹⁴⁴ Prop. 106 L (2017-2018) s. 14–15, 48 og 69; Innst. 150 L (2018-2019) s. 3; St.meld. nr. 25 (2022-2023) s. 32 og 49.

¹⁴⁵ Bratteng, Einar. Karnov lovkommentar: Forureiningsloven – fourl 1981, note 2 til § 4, Lovdata.no (henta 8. september 2023).

¹⁴⁶ Ot.prp.nr. 11 (1979-1980) s. 90.

¹⁴⁷ Ibid.

¹⁴⁸ Petrl. § 1-6 bokstav a og b.

¹⁴⁹ Prop. 106 L (2017-2018) s. 12–13 og 73

¹⁵⁰ HRK 194 nr. 3 bokstav c.

¹⁵¹ Hbml. § 5-1.

I § 4 gjorde ein ei tilpassing som seier at reglane i § 7 andre ledd, jf. fjerde ledd, ikkje gjeld for tiltak som tek sikte på å hindre eller stoppe akutt forureining.¹⁵² Dette unntaket blei innført fordi føresegnene om beredskap for forureiningsulykker på kontinentalsokkelen ikkje skulle følgje av forureiningslova.¹⁵³ Når ei ulykke først har skjedd, kjem reglane i forureiningslova om handtering av akutte forureiningsulykker til bruk.¹⁵⁴

Forureiningslova kapittel 6 (§§ 38-47) gjeld for handtering av akutt forureining. I proposisjonen blei det lagt til grunn at krav til beredskap mot eventuell fare for akutt forureining skulle fastsetjast med heimel i forureiningslova § 40.¹⁵⁵ Havbotnminerallova har òg egne reglar om krav til beredskapsplanar.¹⁵⁶ Beredskapstiltak er proaktive, førebyggjande tiltak, og ikkje oppryddingstiltak. Ved ei forureiningsulykke vil nok forureiningslova kap. 6 kome direkte til bruk, og påverke krava til korleis rettshavaren ryddar opp.¹⁵⁷

7.5 Særlege reglar om utslepp og utsleppsløyve på kontinentalsokkelen

Rettshavaren kan måtte innhente utsleppsløyve etter forurl. § 11. Eit utsleppsløyve etter forureiningslova regulerer mellom anna bruk og utslepp av kjemikalium.¹⁵⁸ Eit utsleppsløyve vil òg kunne innehalde vilkår for å avgrense andre utslepp og krav til lokalitet for utslepp i område med sårbare miljøverdiar, og krav til overvaking.¹⁵⁹

Ein av tilpassingane i forurl. § 4 er at ein berre treng utsleppsløyve for dei sidene av verksemda som «jevnlige fører til forurensningar».¹⁶⁰ Etter ordlyden treng ein berre å ha utsleppsløyve for dei kontinuerlege utsleppa. Føremålet med unntaket var å ganske enkelt at den som dreiv forureinande verksemd ikkje måtte søkje utsleppsløyve for dei delane av drifta som medførte fare

¹⁵² Forurl. § 4 første ledd siste punktum; Prop. 106 L (2017-2018) s. 15.

¹⁵³ Ot.prp.nr. 11 (1979-1980) s. 91; sjå t.d. FOR-1997-09-19-1061.

¹⁵⁴ Ibid; Bratteng, Einar. Karnov lovkommentar: Forurensningsloven – forurl 1981, note 4 til § 4 ...jevnlige..., Lovdata.no (henta 8. november 2023).

¹⁵⁵ Prop. 106 L (2017-2018) s. 15.

¹⁵⁶ Sjå t.d. hbml. § 6-2 første ledd andre punktum.

¹⁵⁷ Sml. Bratteng, Einar. Karnov lovkommentar: Forurensningsloven – forurl 1981, note 1 til § 4, Lovdata.no (henta 6. november 2023).

¹⁵⁸ Prop. 106 L (2017-2018) s. 15.

¹⁵⁹ Ibid.

¹⁶⁰ Forurl. § 4 første ledd andre punktum.

for akutt forureining eller andre større utslepp.¹⁶¹ Sagt med andre ord, er meininga med «jevnlige»-vilkåret at det er dei føresedde, ‘vanlege’ utsleppa ein må ha utsleppsløyve for.¹⁶²

Spørsmålet er om det løpande oppryddingsarbeidet under utvinninga kan reknast som ei av «sidene ved virksamheten som jevnlig fører til forurensninger».

Forureiningsomgrepet i lova er vidt, og inkluderer «tilførsel av fast stoff, væske eller gass til luft, vann eller i grunnen, [...] støy og rystelser, [...] lys og annen stråling [...], [...] påvirkning av temperaturen» når desse «er eller kan være til skade eller ulempe for miljøet».¹⁶³ Maskinelt utført oppryddingsarbeid kan falle inn under fleire av kategoriane i definisjonen. Om oppryddingsarbeidet «er eller kan være til skade eller ulempe for miljøet» er det i dag for lite kunnskap om til å seie noko sikkert om. Ein skal leggje ei føre var-tilnærming til grunn, og kunnskapsmangelen i seg sjølv kan vere eit argument for å rekne oppryddingsarbeidet som potensielt skadeleg for miljøet.¹⁶⁴ At avbøtande tiltak kunne utgjere ei sjølvstendig kjelde til forureining blei òg teke opp i proposisjonen.¹⁶⁵

Om ein føreset at oppryddingsarbeidet utgjør ei sjølvstendig kjelde til forureining, og at oppryddinga skal gå føre seg fortløpande i tråd med ein oppryddingsplan, er det tale om føresedde utslepp. Det verkar då naturleg å rekne dei som «jevnlige forurensninger». I lys av forureiningslova sitt føremål og Grl. § 112 bør ein ikkje setje terskelen for kva som skal reknast som «jevnlige forurensninger» for høgt.¹⁶⁶ Rettshavaren kan altså trenge utsleppsløyve som omfattar forureininga frå oppryddingstiltaka òg.

Forureiningsmyndigheita kan gje forskrift om kva som skal reknast som «jevnlige forurensninger» i tvilstilfelle.¹⁶⁷

7.6 Forureiningsforskrifta

Forureiningsforskrifta kapittel 22 inneheld eit generelt forbod mot dumping, men opnar òg for å gjere unntak frå forbodet. Forureiningsforskrifta kap. 22 gjeld «på norsk kontinentalsokkel»,

¹⁶¹ Ot.prp.nr. 11 (1979-1980) s. 91.

¹⁶² Sjø òg Bugge (2019) s. 316.

¹⁶³ Forurl. § 6 første ledd.

¹⁶⁴ NUT 1977: 1 s. 112–113.

¹⁶⁵ Ot.prp.nr. 11 (1979-1980) s. 188.

¹⁶⁶ Bratteng (2020) s. 71.

¹⁶⁷ Forurl. § 4 tredje ledd.

men berre «[i]nnen folkerettens grenser».¹⁶⁸ Reglane dumping frå norske skip gjeld «i alle farvann».¹⁶⁹ Reglane gjennomfører dumpingforbodet i Osparkonvensjonen, og presumsjonsprinsippet taler difor for at «alle farvann» omfattar kontinentalsokkelen.

I forskrifta er «dumping» definert som «envher forsettlig disponering av avfall eller annet materiale i sjø [...] med det formål i bringe det av veien».¹⁷⁰ Definisjonane samsvarer i stor grad med definisjonane i Havrettskonvensjonen og Osparkonvensjonen.¹⁷¹ Kapittel 22 gjennomfører dumpingforbodet i norsk rett. Dumpingforbodet gjeld altså ikkje berre som ein skranke i omfanget til oppryddingsplikta i hbml. § 5-1, men som eit sjølvstendig forbod rettshavaren må respektere.¹⁷²

Det er gjort unntak frå dumpingforbodet i § 22-6, jf. § 22-4. Unntaket gjeld mellom anna «løsmasser og stein» og «annet avfall/materiale i helt spesielle situasjoner hvor deponering på land medfører uakseptabel fare eller skade».¹⁷³ Unntaket i forureiningsforskrifta gjennomfører unntaket i Osparkonvensjonen, og må difor tolkast i tråd med konvensjonen.¹⁷⁴ Tilhøvet mellom unntaket for «masser og stein» i Osparkonvensjonen og forureiningsforskrifta reiser ingen openberre tolkingsspørsmål. Unntaket for massar det vil medføre «uakseptabel fare eller skade» å deponere på land svarer til Osparkonvensjonen art. 9. Både Osparkonvensjonen og forureiningsforskrifta er klare på at slik dumping berre skal skje heilt unntaksviks, og rettshavaren kan ikkje bruke dette unntaket som heimel for å dumpe slike massar som ledd i sitt eige oppryddingsarbeid.

7.7 Avfallshandteringsreglane i forureiningslova

Forureiningslova kapittel 5 gjeld handtering av avfall. Spørsmålet om reglane i kap. 5 kjem til bruk på avfall frå utvinning av havbotnmineral kjem an på korleis ein skal forstå «avfall» i forureiningslova. Avfall er definert i forurl. § 27. Definisjonen er vid, og omfattar «løso-regjenstander eller stoffer som noen har kassert, har til hensikt å kassere eller er forpliktet til å

¹⁶⁸ Forureiningsforskrifta § 22-1 andre ledd andre punktum.

¹⁶⁹ Ibid.

¹⁷⁰ Forureiningsforskrifta § 22-2 bokstav e.

¹⁷¹ HRK art. 1, (1)(5) bokstav a; Osparkonvensjonen art. 1 bokstav f.

¹⁷² Sjå *pkt. 6.7* og *pkt. 8.2*.

¹⁷³ Forureiningsforskrifta § 22-4 bokstav a og e.

¹⁷⁴ Sjå *pkt. 6.7*.

kassere».¹⁷⁵ Biprodukt eller gjenvunne avfall fell utanfor definisjonen.¹⁷⁶ Det sentrale vurderingstemaet er om lausøyregjenstanden eller stoffet er «kassert», som ein skal forstå som eit spørsmål om det skriv seg frå menneskeleg aktivitet.¹⁷⁷

Avfallsdefinisjonen i forurl. § 27 er ein del av gjennomføringa av avfallsrammedirektivet (DIR/2008/98/EF), og rettspraksis frå EU-domstolen er ein sentral rettskjelde for forståinga av avfallsomgrepet.¹⁷⁸ Rettspraksisen er omfattande.¹⁷⁹ Dersom det er tvil om noko medfører fare for negative verknader på miljøet skal ein leggje føre var-prinsippet til grunn.¹⁸⁰ Når det gjeld avfall frå utvinninga, la ein i proposisjonen til grunn at dette skal handterast i tråd med reglane i kap. 5 òg.¹⁸¹ Ein kan difor gå ut ifrå at avfall frå utvinning av havbotnmineral i stor grad vil vere omfatta av reglane i forurl. kap. 5.

Det er òg verd å merke seg at rettshavaren nok ikkje kan bli høyrte med at gråberg som inneheld kommersielt interessante mineral i mindre mengder ikkje er avfall fordi den teknologiske utviklinga kan gjere det økonomisk gunstig å prosessere desse ressursane i framtida.¹⁸²

Det er forbode å «tømme, etterlate, oppbevare eller transportere avfall slik at det kan [...] være til skade eller ulempe for miljøet» (forsøplingsforbodet).¹⁸³ Forsøplingsforbodet påverkar korleis rettshavaren gjennomfører oppryddinga. Den som har disponert avfall i strid med forsøplingsforbodet skal «sørge for nødvendig opprydding».¹⁸⁴ Dersom ein ikkje kan gjenvinne avfallet (§ 28 tredje ledd), eller har løyve til å handsame det offshore (§ 29), er utgangspunktet at avfallet må bli ført til lovleg avfallsanlegg på land (§ 32, jf. §§ 28 og 29).¹⁸⁵

Forurl. § 29 opnar tilsynelatande for handtering av avfallet på havbotnen, t.d. ved å opprette «opplagsplass», føresett at ein har forureiningsløyve i tråd med forurl. kap. 3 (§§ 11 flg.).¹⁸⁶ Det er nok at det er fare for forureining.¹⁸⁷ Ordlyden «opplagsplass» gjer det likevel usikkert

¹⁷⁵ Forurl. § 27 første ledd første punktum.

¹⁷⁶ Forurl. § 27 andre og tredje ledd.

¹⁷⁷ Brattering, Einar. Karnov lovkommentar: Forurensningsloven – forurl. 1981, note 2 til § 27 1. ledd, Lovdata.no (henta 8. november 2023).

¹⁷⁸ Prop. 89 L (2015-2016) s. 7,

¹⁷⁹ Sjø t.d. C-9/00 (Palin Granit), avsn. 24; C-188/07 (Total) avsn. 54.

¹⁸⁰ Ot.prp.nr. 11 (1979-1980) s. 136; C-241/12; C-242/12 (Shell) avsnitt 42.

¹⁸¹ Prop. 106 L (2017-2018) s. 15.

¹⁸² C-418/97 og 419/97 (ARCO Chemie) avsn. 65.

¹⁸³ Forurl. § 28 første ledd.

¹⁸⁴ Forurl. § 28 tredje ledd.

¹⁸⁵ Sjø t.d. forurl. §§ 28, 29 og 32; Prop. 106 L (2017-2018) s. 15.

¹⁸⁶ Forurl. § 29 første ledd første punktum.

¹⁸⁷ Jf. ordlyden «kan medføre forurensning» i forurl. § 29 første ledd første punktum.

om det er meint å vere ei permanent løysing.¹⁸⁸ Slike stadlege deponi utgjer ein vedvarande, føreset sett risiko, og er difor ikkje unnateke frå plikta til å innhente utsleppsløyve i forurl. § 4.¹⁸⁹ I utgangspunktet vil rettshavaren på denne måten kunne handtere avfallet på havbotnen utan å handle i strid med forsøplingsforbodet.¹⁹⁰ I den grad det ikkje er tale om noka *tilføring* av stoff utanfrå, vil ei slik form for opprydding heller ikkje vere i strid med dumpingforbodet.¹⁹¹

Forureiningsmyndigheitene kan gje forskrifter om handtering av avfall frå havbotnmineralverksemd.¹⁹²

7.8 Avfallsforskrifta

Avfallsforskrifta kap. 17 har overskrifta «[h]åndtering av mineralavfall fra mineralindustrien». Reglane i dette kapittelet gjeld berre «avfall frå landbasert mineralindustri», og det er eksplisitt avgrensa mot «håndtering av avfall frå offshoreundersøkelse, -utvinning og -behandlings av mineralressurser.¹⁹³

Spørsmålet som då oppstår er om ein kan falle tilbake på dei generelle reglane i avfallsforskrifta (så langt dei kjem til bruk og er relevante), eller om forskrifta ikkje regulerer avfallshandtering knytt til havbotnmineralverksemd.

Kapittel 9 i avfallsforskrifta gjeld deponering. Kapittelet seier ikkje noko om føresegnene sitt stadlege verkeområde, men slår fast at dei gjeld for «alle deponier, herunder interne deponier hvor en avfallsprodusent selv står for avfallsdisponeringen på produksjonsstedet».¹⁹⁴ Føresegnene gjeld likevel ikkje for «deponering og oppsamling av mineralavfall som definert i § 17-3 bokstav a».¹⁹⁵ Paragraf § 17-3 bokstav a definerer «mineralavfall» som «avfall fra landbasert mineralindustri».¹⁹⁶ I utgangspunktet er det difor ikkje noko som stengjer for at reglane i kap. 9 skal kome til bruk for mineralindustri på havbotnen.

¹⁸⁸ Ot.prp.nr. 11 (1979-1980) s. 135-136; Bratteng, Einar. Karnov lovkommentar: Forurensningsloven – forurl 1981, note 3 til § 29 ...opplagsplass..., Lovdata.no (henta 6. desember 2023).

¹⁸⁹ Sjå *pkt. 7.5*.

¹⁹⁰ Forurl. § 28.

¹⁹¹ HRK art. 1, (1)(5) bokstav a; Osparkonvensjonen art. 1 bokstav f; Forureiningsforskrifta § 22-2 bokstav e.

¹⁹² Forurl. § 4 andre ledd første punktum; Prop. 106 L (2017-2018) s. 15.

¹⁹³ Avfallsforskrifta § 17-2 første ledd og første ledd bokstav c.

¹⁹⁴ Avfallsforskrifta § 9-2 første ledd.

¹⁹⁵ Avfallsforskrifta § 9-2 tredje ledd bokstav f.

¹⁹⁶ Avfallsforskrifta § 17-3 bokstav a.

Det er klart at reglane i avfallsforskrifta kap. 17 aldri var meint å gjelde for havbotnmineralavfall.¹⁹⁷ Det er heller ingenting som tyder på at føremålet med avfallsforskrifta kap. 9 var å regulere slikt avfall. Regelverket er svært detaljert når det gjeld avfallshandtering frå ulike former for landbasert verksemd, og reglane har lita overføringsverdi til tilhøva på havbotnen. Opninga for at reglane i kap. 9 kan kome til bruk på havbotnmineralavfall, har nok ikkje vore tilsikta. Forureiningsmyndigheitene har høve til å gje forskrifter om handtering av avfall frå havbotnmineralverksemd.¹⁹⁸ Eg legg difor til grunn at avfallsforskrifta kap. 9 ikkje kjem til bruk for havbotnmineralavfall.

Avfallsforskrifta kap. 11 regulerer handtering av farleg avfall. Kapittelet nemner ikkje noko om reglane sitt stadlege verkeområde, men departementet ser ut til å ha lagt til grunn at reglane kan vere relevante for havbotnmineralverksemd.¹⁹⁹

Kapittelet inneheld mellom anna reglar om forsvarleg oppbevaring av farleg avfall (§ 11-5), løyve til handtering av farleg avfall (§11-6), unntak frå løyveplikta (§ 11-7) og leveringsplikt (§ 11-8). På same måte som kap. 9, var nok ikkje føremålet med kap. 11 å regulere havbotnmineralavfall. Samanlikna med reglane i kap. 9, er det færre hinder for relevans for havbotnmineralavfall i korleis reglane er utforma. I motsetnad til reglane i kap. 9, har reglane i kap. 11 større overføringsverdi til havbotnmineralverksemd. Departementet sin føresetnad om at regelverket kjem til bruk er ei etterarbeidsutsegn om verkeområdet til reglar i ei forskrift som ikkje nemner havbotnmineralverksemd direkte. Utsegna kan difor ikkje få stor vekt. Reglane i kap. 11 synest likevel å vere generelt nok utforma til at konklusjonen om reglane i kap. 11 kjem til bruk er forsvarleg.

¹⁹⁷ DIR/2006/21/EF, fortalen, nr. 9.

¹⁹⁸ Forurl. § 4 andre ledd første punktum; Prop. 106 L (2017-2018) s. 15.

¹⁹⁹ Prop. 106 L (2017-2018) s. 15.

8 Illustrerande døme

8.1 Innleiing

I dette kapittelet utforskar eg ulike aspekt ved oppryddingstiltak knytt til handtering av gråberg, sediment, utstyr, maskiner og innretningar, restaureringstiltak og akutt forureining. Sentralt står spørsmålet om korleis rettshavaren skal gjennomføre tiltak for at oppryddinga skal reknast som «forsvarlig» etter hbml. § 5-1 Eg tek føre meg utfordringar knytt til gråberg og overdekkssediment, og drøfter korleis handteringa av desse massane kan gjerast i tråd med havbotnminerallova og anna gjeldande forureinings- og avfallshandteringsregelverk.²⁰⁰

8.2 Handtering av gråberg og sediment

Spørsmålet er kva rettshavaren må handtere gråberg og overdekkssediment for at oppryddinga skal vere «forsvarlig» etter hbml. § 5-1. Gråberg er avfallsstein som ikkje inneheld mineral rettshavaren er ute etter å utvinne, eller som ikkje inneheld slike mineral i stor nok grad til at det er lønsamt å utvinne dei. Overdekkssediment er finpartikulært materiale som i varierende grad dekkjer både manganskorpar og svarte skorsteinar.²⁰¹ Sedimentlaget må fjernast for å nå minerala.

Oppryddingsføresegna i § 5-1 krev ei form for handtering av massane, og at denne handteringa skal skje fortløpande og vere «forsvarlig».²⁰² Dersom massane ikkje skal gjenvinnast, og utgjør ein fare for havmiljøet, vil det i utgangspunktet vere forbodet å etterlate dei.²⁰³ Rettshavaren må løyve til å handtere massane offshore, eller sende dei til avfallshandteringsanlegg på land.²⁰⁴

Utvinning av manganskorpar og svarte skorsteinar inneber fare for «lekkasje» av miljøskadlege metall til omgjevnadene.²⁰⁵ Giftstoffa kan vandre oppover i næringskjeda (bioakkumulasjon), men det er stor utryggleik knytt til dette.²⁰⁶ Ei føre var-tilnærming taler for fjerning ved fare for slik lekkasje.

²⁰⁰ Sjå kap. 4 om utvinningsprosessen og -omgrep

²⁰¹ OED (2022) s. 48.

²⁰² Sjå pkt. 5.4 og 5.5.

²⁰³ Forurl. § 28.

²⁰⁴ Sjå pkt. 7.7.

²⁰⁵ OED (2022) s. 100.

²⁰⁶ Ibid.

Å organisere gråbergsmassane i eigne deponi på havbotnen medfører ikkje noka *tilføring*, og er difor ikkje omfatta av dumpingforbodet.²⁰⁷ Så lenge massane ikkje er handsama ved bruk av kjemikalium som det er fare for at kan lekke ut i havmiljøet, vil sjødeponering av slike massar frå skip eller installasjonar på overflata òg vere tillate.²⁰⁸ Merk likevel at korleis rettshavaren handterer partikkelspreinga kan vere avgjerande for om desse tiltaka kan reknast som forsvarlege eller ikkje.²⁰⁹

Det er usikkert om massane skal reknast som gjenvunne etter forureiningslova dersom dei skal brukast til eit bestemt føremål, som t.d. tilbakefylling av utvinningsstaden.²¹⁰ Opprydding av gråbergsmassar ved tilbakefylling kan vere forsvarleg, dersom massane ikkje utgjer ein fare for havmiljøet. Tilbakefylling av overdekkssediment i dei delane av havbotnen ein har brote malm og gråberg kan vere eit forsvarleg oppryddingstiltak.

Mellomlagring av sedimenta før tilbakefylling, eller permanent deponering, kan tenkjast å ha negative miljøverknader. Verknaden av tjukkare sedimentlag på havbotnen kjem an på dei lokale forholda på utvinningsstaden. Auka sedimentering kan føre til tap av habitat for dyreliv på og under havbotnen.²¹¹ Det er uvisst korleis det kan påverke koplinga mellom økosystema på havbotnen og overflata (den bentisk-pelagiske koplinga).²¹² Spreiing av finpartikulært materiale frå gråsteins- og malmbrytinga i utvinningsprosessen kan medføre liknande utfordringar.

Konklusjonen er at rettshavaren har eit visst handlingsrom innanfor gjeldande regelverk. Massane kan bli brukte til tilbakefylling, bli organiserte i lokale deponi, eller dumpast frå overflata. Slikke oppryddingstiltak kan vere forsvarlege, dersom ein er trygg på at dei ikkje vil påverke havmiljøet negativt.²¹³ Er ein i tvil om miljøverknaden, tilseier føre var-prinsippet at massane må handterast i tråd med avfallshandteringsreglane i forureiningslova, som medfører at dei må førast til avfallshandteringsanlegg på land.²¹⁴

²⁰⁷ Sjå pkt. 6.7 og 7.6.

²⁰⁸ Ibid.

²⁰⁹ Ibid.

²¹⁰ Forurl. § 28 tredje ledd nr. 2.

²¹¹ Sml. Rygg m.fl. (2008).

²¹² Sjå t.d. OED (2022) s. 61–63 og 94.

²¹³ Sjå pkt. 5.5, 6.4, 6.7 og kap. 7

²¹⁴ Sjå pkt. 7.7.

8.3 Opprydding av utstyr, maskiner og innretningar

Eit anna spørsmål er kva oppryddingstiltak rettshavaren må gjennomføre i utvinningsfasen for at oppryddinga av maskiner, innretningar og utstyr skal reknast som «forsvarlig» i medhald av hbml. § 5-1.

Ein del av oppryddinga vil gå føre seg som ein naturleg del av utvinninga, utan at ein ved første augnekast ville rekne det som opprydding. Det kan t.d. vere tilfelle når ein flytter utvinningsmaskiner og -utstyr til ein annan utvinningsstad etter at ein har utvunne dei ressursane ein er ute etter på eit avgrensa område. I desse tilfella vil ikkje oppryddinga vere eit tema, ettersom rettshavaren har økonomiske insentiv til å flytte maskinene og utstyret.

Det er først dersom det blir aktuelt å etterlate noko av utstyret på utvinningsstaden, anten mellombels eller permanent, at problemstillinga kjem på spissen. Opprydding av utstyr ligg i kjernen av plikta til «forsvarlig opprydding» i hbml. § 5-1.²¹⁵ I utgangspunktet skal rettshavaren sørge for opprydding av utstyr, uavhengig av om det utgjer ein fare for havmiljøet eller ikkje. Dersom det ikkje kjem i strid med miljøomsyn, kan ein nok godta mellomlagring som forsvarleg, noko som kan vere praktisk av økonomiske omsyn. Varer mellomlagringa for lenge etter at ein naturleg del av utvinninga er avslutta, kan det oppstå spørsmål om oppryddinga ikkje lenger skjer fortløpande, som kan påverke forsvarlegvurderinga.

Utstyr som ikkje skal brukast vidare i noka form kan bli rekna som «avfall» etter forureiningslova.²¹⁶ Rettshavaren kan ha økonomisk interesse av å etterlate utstyr som blir øydelagt eller utslite under utvinninga. Avfallshandteringsreglane i forureiningslova kjem då til bruk, og ein kan leggje til grunn at dei same synsmåtane som for handtering av gråberg og overdekkssediment.²¹⁷ Å etterlate utstyr på havbotnen permanent er i strid med kjernen i «forsvarlig»-vilkåret, og det er usikkert om slik opprydding innfrir vilkåret, sjølv i tilfelle der det skje i tråd med avfallshandteringsreglane i forureiningslova.

Konklusjon er altså at ein nok kan godta mellombels lagring av utstyr på utvinningsstaden som «forsvarlig» på nærmare vilkår. Rettshavaren kan i utgangspunktet ikkje etterlate utstyr permanent på utvinningsstaden i medhald av § 5-1.

²¹⁵ Sjå pkt. 5.4 og 5.5.

²¹⁶ Sjå «kassert»-vilkåret i forurl. § 27 første ledd.

²¹⁷ Sjå pkt. 8.2.

8.4 Restaureringstiltak

Eit tredje spørsmål er i kva grad rettshavaren må restaurere område som har blitt råka av utvinninga i sjølve utvinningsfasen, for at oppryddinga skal vere «forsvarlig» i medhald av § 5-1.

I førearbeida til havbotnminerallov nemner ein at kan bli relevant å påleggje restaureringstiltak i særlege tilfelle.²¹⁸ Kva særlege tilfelle det kan vere tale om, er ikkje utdjupa. Utgangspunktet er at rettshavaren ikkje må gjennomføre slik restaurering for at oppryddinga skal vere «forsvarlig» i medhald av hbml. § 5-1.

Osparkonvensjonen kan sjå ut til å leggje ei skjerpa plikt til restaurering på statane ved skade på det marine miljø, ved å krevje at slike skadar blir restaurerte der det er praktisk mogeleg.²¹⁹ Dette kan tenkjast å forplikte staten til å påleggje restaureringsvilkår ved (t.d. ved godkjenning av utvinningsplan) i tilfelle der havmiljøet tek skade som følgje av utvinninga. Kva stor skaden må vere, og kor stor vekt t.d. økonomiske omsyn får i vurderinga, er vanskeleg å lese ut ifrå praktisk mogeleg-unntaket.²²⁰ Løpande restaurering kan vere påkravd der det er tidskritisk å avbøte skaden så fort som mogeleg. I slike tilfelle er det sannsynleg at utvinning uansett ikkje vil bli rekna som økonomisk eller miljøfagleg berekraftig, slik at det er lite sannsynleg at ein vil tillate utvinning i det heile.

Konklusjonen er at det er lite sannsynleg at rettshavaren vil måtte gjennomføre restaurerande oppryddingstiltak fortløpande i utvinningsfasen for at oppryddinga skal vere «forsvarlig» i medhald av hbml. § 5-1.

8.5 Akutt forureining

Til slutt er spørsmålet korleis rettshavaren må handtere akutt forureining for at oppryddinga i utvinningsfasen skal vere «forsvarlig» i medhald av hbml. § 5-1.

Akutte forureiningsulykker ligg utanfor den fortløpande, vanlege oppryddinga som ligg i kjernten av oppryddingsplikta i § 5-1. Ei naturleg forståing av ordlyden talar likevel for at oppryddingsarbeidet under utvinninga må omfatte avfall frå akutte forureiningsulykker for å vere «forsvarlig». Kva oppryddingstiltak rettshavaren er nøydd å gjennomføre i tilfelle akutt forureining,

²¹⁸ Prop. 106 L (2017-2018) s. 46.

²¹⁹ Sjå pkt. 6.6.

²²⁰ Sml. hbml. § 6-2 første ledd andre punktum

er ordlyden og førearbeida taus om, men det er mogeleg at tiltaksgjennomføringsplikta kan vere aktuell i slike situasjonar. Rettshavaren er pålagt å «opprettholde en effektiv beredskap» mot forureinings situasjonar.²²¹ Når forureiningsulykka først har skjedd, har rettshavaren ei sjølvstendig plikt til å handtere ho i tråd med reglane i forureiningslova kap. 6.²²²

Dersom rettshavaren ikkje klarer å gjennomføre arbeids raskt nok eller på ein tilfredsstillande måte, kan forureiningsmyndigheita sørgje for gjennomføring av oppryddingstiltak på rettshavaren sin kostnad i tråd med forurl. § 74.

Konklusjonen er at rettshavaren nok må sørgje for opprydding av akutte forureiningsulykker for at oppryddinga skal vere forsvarleg i medhald av hbml. § 5-1. Rettshavaren har òg ei sjølvstendig plikt etter forureiningslova til å handtere forureininga i tråd med reglane i forureiningslova kap. 6.

²²¹ Hbml. § 6-2 første ledd første punktum

²²² Sjå *pkt. 7.4*

9 Avslutning

Det er klart at rettshavaren har ei oppryddingsplikt medan utvinninga pågår. At oppryddinga skjer fortløpande er i seg sjølv ein føresetnad for at oppryddingsarbeidet skal reknast som «forsvarlig». ²²³ Forsvarleg-vilkåret er eit funksjonskrav, og det er i utgangspunktet opp til rettshavaren korleis han vil sørgje for å innfri vilkåret. Generelt kan ein likevel slå fast at kravet til forsvarleg opprydding har ein kjerne som inneber handtering av overskotsmassar og fjerning av utvinningsutstyr og i visse tilfelle tilbakefylling og restaurering. ²²⁴

Gjeldande miljøregelverk set nokre rammer for oppryddinga. Mellom anna bør oppryddingsarbeidet gjerast ut ifrå ei føre var-tilnærming til dei negative skadeverknadene frå havbotnmineralverksemda. ²²⁵ Dette kan resultere i ei plikt til å gjere avbøtande tiltak sjølv når miljøpåverknaden er usikker, og i somme tilfelle restaurere-/tilbakeføre utvinningsområdet til sin tidlegare tilstand. ²²⁶ I utgangspunktet kan *tilføring* av materiale til havbotnen frå skip (t.d. for å disponere gråberg som har kome til overflata saman med malmen) nyttast som oppryddingstiltak. ²²⁷ Dette avheng av om massane er kjemisk handsama, om giftstoff kan lekke ut i havmiljøet, og korleis rettshavaren avbøter negative verknader av partikkelspreiing. ²²⁸

Forureiningslova sine forureinings- og avfallshandteringsreglar påverkar rettshavaren sitt oppryddingsarbeid direkte. Regelverka pålegg krav om innhenting av utsleppsløyve, og legg klare avgrensingar på korleis rettshavaren må handtere avfall som skriv seg frå havbotnmineralverksemda. Overskotsmassar frå havbotnmineralverksemd vil nok i utgangspunktet reknast som avfall etter forureiningslova. ²²⁹ Dersom massane blir brukte i tilbakefylling på utvinningsstaden, opnar regelverket for at massane kan reknast som gjenvunne, slik at ein unngår å måtte handsame det som avfall. ²³⁰ Tilbakefylling kan i seg sjølv utgjere eit eit forsvarleg oppryddingstiltak. ²³¹ Regelverket opnar for å deponere massane i opplagsplassar på havbotnen, men det er

²²³ Sjå pkt. 5.5.

²²⁴ Sjå pkt. 5.4 og 5.5.

²²⁵ Sjå pkt. 6.4.

²²⁶ Sjå pkt. 5.5 og 6.6.

²²⁷ Sjå pkt. 6.7 og 7.6.

²²⁸ Ibid.

²²⁹ Sjå pkt. 7.7.

²³⁰ Ibid.

²³¹ Sjå pkt. 5.5.

usikkert om regelverket tillèt dette som ei permanent løysing. Utvinningsutstyr må fjernast kort tid etter kvart som ein gjer seg ferdig med utvinninga i eit avgrensa område.

I framstillinga her har vi sett at det fleire stader er uklart kva krav som er stilt til oppryddinga i utvinningsprosessen, og at det er lite samsvar mellom havbotnminerallova og forureinings- og avfallshandteringsregelverket elles.²³² Etter mitt syn bør ein i større grad tilpasse forureinings- og avfallshandteringsregelverket til dei særskilde oppryddingsutfordringane som følgjer av havbotnmineralverksemd før ein eventuelt godkjenner utvinning av havbotnmineral på norsk kontinentalsokkel.

²³² Sjå t.d. *pkt. 7.8* om avfallsforskrifta.

Litteraturliste

Norske lover

- 1814 Lov 17. mai 1814, Kongeriket Noregs grunnlov (Grunnlova).
- 1963 Lov 21. juni 1963 nr. 12 om vitenskapelig utforskning og undersøkelse etter og utnyttelse av andre undersjøiske naturforekomster enn petroleumforekomster og mineralforekomster (lov om andre undersjøiske naturforekomster).
- 1976 Lov 17. desember 1976 nr. 91 om Norge økonomiske sone (økonomiske soneloven).
- 1981 Lov 13. mars 1981 nr. 6 om vern mot forurensninger og om avfall (forurensningsloven).
- 1996 Lov 29. november 1996 nr. 72 om petroleumsvirksomhet (petroleumsløven – petrol.).
- 2009 Lov 19. juni 2009 nr. 100 om forvaltning av naturens mangfold (naturmangfoldloven – nml.).
- 2009 Lov 19. juni 2009 nr. 101 om erverv og utvinning av mineralressurser (mineralloven).
- 2019 Lov 22. mars 2019 nr. 7 om mineralvirksomhet på kontinentalsokkelen (havbunnsmineralloven).
- 2021 Lov 18. juni 2021 nr. 89 om Norges kontinentalsokkel (kontinentalsokkelloven) .

Norske forskrifter

FOR-1997-09-19-1061	om inngrep på åpent hav og i Norges økonomiske sone i tilfelle av havforurensning eller fare for forurensning av olje eller andre stoffer som følge av en sjøulykke.
FOR-2004-06-01-930	om gjenvinning og behandling av avfall (avfallsforskriften).
FOR-2004-06-01-931	om begrensning av forurensning (forurensningsforskriften).
FOR-2012-05-30-488	om miljømessig sikkerhet for skip og flyttbare innretninger.

Førearbeid, Stortingsmeldingar, m.v.

NUT 1977:1	Utkast til lov om vern mot forurensning og forsøpling med motiver.
Ot.prp.nr. 11 (1979-1980)	Om lov om vern mot forurensninger og om avfall (Forurensningsloven).
JD-LOV-2000-8016	Justisdepartementets lovavdeling, <i>Lovavdelingens uttalelser: Fjerning av skipsvraket Boiky</i> , 1. august 2000.
Ot.prp.nr. 43 (2008-2009)	Om lov om erverv og utvinning av mineralressurser (mineralloven).
Ot.prp.nr. 52 (2008-2009)	Om lov om forvaltning av naturens mangfold (naturmangfoldloven).
NFD (2014)	Nærings- og Fiskeridepartementets EØS-notat til Forordning 100/2013 om endring av mandat for EMSA som endrer forordning 1406/2002 om etablering av EMSA (sist oppdatert 27. november 2023). Endret mandat om beredskap for EMSA – regjeringen.no (henta 9. desember 2023)

Prop. 89 L (2015-2016)	Endringer i forurensningsloven (avfallsdefinisjoner m.m.).
Prop 106 L (2017-2018)	Lov om mineralvirksomhet på kontinentalsokkelen (havbunns-mineralloven).
Innst. 150 L (2018-2019)	Innstilling fra energi- og miljøkomiteen om Lov om mineralvirksomhet på kontinentalsokkelen (havbunnsmineralloven).
NOU 2022:8	Ny minerallov.
Meld. St. 25 (2022-2023)	Mineralverksemd på norsk kontinentalsokkel – opning av areal og strategi for forvaltning av ressursane.

Norske rettsavgjerder

Rt. 1988 s. 7	(Eigedomsmekling)
Rt. 1990 s. 874	(Fusa)
Rt. 2000 s. 46	(Draktreklame)
Rt. 2006 s. 466	(Heleri)
Rt. 2007 s. 561	(Arbeidsløyve)
Rt. 2008 s. 1646	(Bolteløfte)
Rt. 2013 s. 565	(Farskap)
HR-2017-331-A	(Vrakfjerning)
HR-2020-2472-P	(Klimadomen)
TOSL-2020-64433	(Ulvefelling)

Saksdokument og høringsdokument for oppningsprosessen

- OED (2022) Olje og energidepartementet, *Konsekvensutredning – undersøkelse og utvinning av havbunnsmineraler på norsk kontinentalsokkel*, 27. oktober 2022.
[horingsdokument-konsekvensutredning-for-mineralvirksomhet-pa-norsk-kontinentalsokkel-11415388.pdf](#) (regjeringen.no)
(henta 16. august 2023)
- NGU (2023) Norges geologiske undersøkelse, *Konsekvensutredning – undersøkelse og utvinning av havbunnsmineraler på norsk kontinentalsokkel. Høringsvar fra Norges geologiske undersøkelse (NGU) 27. januar 2023.*
[Høring - Konsekvensutredning for mineralvirksomhet på norsk kontinentalsokkel og utkast til beslutning om åpning av område - regjeringen.no](#) (henta 16. august 2023)

Vedtak, kongelige resolusjonar og liknande

- KMD (2015) Klima- og miljødepartementet, *Nordic Mining ASA – tillatelse til gruvevirksomhet i Engebøfjellet*, 5. juni 2015.
[nordic-mining-asa---avgjorelse-soknad-om-utslippstillatelse---signert-br---.pdf](#) (regjeringen.no) (henta 9. oktober 2023)
- KMD (2016) Helgesen, Vidar, Klima- og miljødepartementet, «Kongelig resolusjon. Klage fra Natur og Ungdom, Naturvernforbundet, Vevring og Førdefjorden Miljøgruppe og Norske lakseelver over Klima- og miljødepartementets vedtak 5. juni 2015 om tillatelse etter forurensningsloven til gruvevirksomhet i Engebøfjellet», 19. februar 2016.
[Kongelig resolusjon 15/3378 - Engebøfjellet 19. februar 2016](#) (regjeringen.no) (henta 9. oktober 2023)

- NFD (2022) Nærings- og fiskeridepartementet, *Vedtak i klagesak om Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmesteren for Svalbards vedtak om tildeling av driftskonsesjon til Norddic Rutile AS*, 6. mai 2022.
[vedtak-i-klagesak-om-direktoratet-for-mineralforvaltning.pdf \(regjeringen.no\)](#) (henta 9. oktober 2023)
- MDIR (2023) Miljødirektoratet, «Godkjenning av avfallshåndteringsplan og revidert utslippstillatelse», 23. juni 2023.
[2023-06-23_Vedtak-om-godkjenning-av-avfallshandterings-plan-og-revidering-av-tillatelse.pdf \(naturvernforbundet.no\)](#) (henta 9. oktober 2023)

Traktatar og Havbotnstyresmakta sitt regelverksutkast

- Wienkonvensjonen Vienna Convention on the Law of Treaties, Wien, 23. mai 1969.
- MARPOL International Convention for the Prevention of Pollution from ships, 1973, as modified by the Protocol of 1978 relating thereto (MARPOL).
- Havrettskonvensjonen United Nations Convention on the Law of the Sea, Montego Bay, 10. desember 1982, 1833 UNTS 397 (i kraft for Noreg 16. November 1994)
- Biomangfoldskonvensjonen United Nations Convention on Biological Diversity (CBD), Rio de Janeiro, 5. juni 1992 (i kraft for Noreg 29. Desember 1993).
- Osparkonvensjonen Convention for the Protection of the Marine Environment of the North-East Atlantic (OSPAR), Paris, 22. september 1992 (i kraft for Noreg 25. Mars 1998).
- EØS-avtalen Agreement on the European Economic Area (Oporto), 2 May 1992, in force 1 January 1994; 1810 UNTS 3.

Havbotnstyresmakta sitt regelverksutkast The International Seabed Authority (ISA), *Draft regulations on the exploitation of mineral resources in the Area*, (ISBA/25/WP.1), Kingston 2019.
[isba_25_c_wp1-e_0.pdf \(isa.org.jm\)](https://www.isa.org.jm/isa_25_c_wp1-e_0.pdf) (henta 16. august 2023)

EU-direktiv og avgjerder frå EU-domstolen

DIR/2008/98/EF (Rammedirektivet for avfall)

DIR/2006/21/EF (Mineralavfallsdirektivet)

C-241/12 og C-242/12 (Shell)

C-418/97 og 419/97 (ARCO Chemie)

C-9/00 (Palin Granit)

C-188/07 (Total)

Litteratur

Alvik (2023) Alvik, Ivar: «Kommentar til petroleumsloven», *Karnov lovkommentar, Lovdata.no* 2023 (henta 4. september 2023)

Arnesen (2015) Arnesen, Finn, “Om den babelske vending i norsk rett”, *Lov og rett*, vol. 54, 6, 2015 s. 344-362.

Arnesen m.fl. (2022) Arnesen, Finn, Simen Hammersvik, Erling Hjelmeng, Olav Kolstad og Ole Andreas Rognstad, *Oversikt over EØS-retten*, 1. utg., Universitetsforlaget 2022.

Aronsen m.fl. (2022) Aronsen, Hannah, Einar Bratteng og Thomas Skjelbred: «Kommentar til forurensningsloven», *Karnov lovkommentar, Lovdata.no* 2022 (henta 4. september 2023).

- Backer (1981) Backer, Inge Lorange, «Hvordan bør lover utformes?», *Lov og Rett*, Universitetsforlaget 1981 s. 209-223.
- Berge m.fl. (1991) Berge, Stig, Jan Magne Markussen og Gudmund Vigerust, *Environmental Consequences of Deep Seabed Mining*, Fridtjof Nansens Institutt 1991.
- Bratteng (2020) Bratteng, Einar, *Avfallsrett*, Universitetsforlaget 2020.
- Bugge (2019) Bugge, Hans Chr., *Lærebok i miljøforvaltningsrett*, 5. utg., Universitetsforlaget 2019.
- Bugge (2022) Bugge, Hans Chr., *Lærebok i miljøforvaltningsrett*, 6. utg., Universitetsforlaget 2022.
- Falkanger (2022) Falkanger, Thor. Havbunnsmineralloven: kommentarutgave. I Juridika.no (2022) [ajourført per 8. april 2022] (henta 16. august 2023).
- Falkanger (2018) Falkanger, Thor. Mineralloven: kommentarutgave. I Juridika.no (2018) [ajourført per 1. februar 2023] (henta 16. august 2023).
- Fridtjof Nansens Institutt (2023) Fridtjof Nansens Institutt ved Ida Soltvedt Hvinden, *Mineralvirksomhet på norsk sokkel: Mulige konsekvenser I lys av Svalbardtraktaten og norsk forvaltning av havområdene rundt Svalbard*, FNI-rapport 2/2023, Lysaker 2023.
[FNI Report 3 2023\(2\).pdf](#) (henta 9. desember 2023)
- Hammer m.fl. (2009) Hammer, Ulf, Trond Stand, Sverre B. Bjelland, Yngve Bustnesli og Amund Bjøranger Tørum, «Petroleumsloven: kommentarutgave. I Juridika.no (2009) [ajourført per 18. januar 2012] (henta 16. august 2023).
- Jarvis m.fl. (2005) Jarvis, P., B. Jefferson, J. Gregory and S.A. Parsons, “A review of floc strength and breakage”, *Water Research*, 39, 3121-2137, 2005.

- Knoph (1939) Knoph, Ragnar, *Rettslige Standarder*, Grøndahl og Søn 1939.
- Lindøe/Engen (2013) Lindøe, Preben H. og Ole A. Engen, "Offshore Safety Regimes – a contested Terrain", i *The Regulation of the Continental Shelf*, Nordquist, Myron H., John Norton Moore, Aldo Chircop og Roman Long (red.), Martinus Nijhof publishers 2013.
- Mæhle (2004) Mæhle, Synne Sæther, «Gjelder det andre regler for rettslig argumentasjon i rettsdogmatikken enn for domstolene?» *Jussens Venner* 2004 s. 329-342.
- Nordtveit (2020) Nordtveit, Ernst, *Reguleringsmodellar for helse, miljø og tryggleik i høgrisikoverksemd*, Universitetet i Bergen 2020.
- Nygaard (2004) Nygaard, Nils, *Rettsgrunnlag og standpunkt*, 2. utg., Universitetsforlaget 2004.
- Platjouw (2021) Platjouw, Froukje Maria, «EU og internasjonal miljørett av relevans for kystsoneforvaltning i Norge» i *Integrert kystsoneforvaltning. Planfaglege, safunnsvitenskaplege og juridiske perspektiv*, Hauge, K.B & Stokke, K.B (red.), Universitetsforlaget 2021 s. 52-69.
- Rau m.fl. (2018) Rau, Matthew J., Steven G. Ackleson, Geoffrey B. Smith, "Effects of turbulent aggregation on clay floc breakup and implications for the oceanic environment", *PLoS ONE*, 13(12):e0207809, 2018.
- Rygg m.fl. (2008) Rygg, Brage, Mats Waldway, Jarle Nygard, *Dyrelivet på bunnen av Førdefjorden og bunnsedimentenes sammensetning. Undersøkelser i 2007*, Rapport, L.NR. 5625-2008, NIVA, 2008.
- Sage-Fuller (2013) Sage-Fuller, Benedicte, *The Precautionary Principle in Marine Environmental Law: With Special Reference to High Risk Vessels*, Routledge 2013.

- Sands m.fl. (2018) Sands, Philippe, Jaqueline Peel, with Adriana Fabra, Ruth MacKenzie, *Principles of International Environmental Law*, 4th Edition, Cambridge University press 2018.
- Trosdahl (2019) Trosdahl, Kari Anne Haugli, «EØS-avtalens geografiske virkeområde: norsk økonomisk sone og kontinentalsokkel», *MarIus* nr. 511, Sjørettsfondet 2019.
- Yeung/Pelton (1996) Yeung, Anthony K. C. and Robert Pelton, “Micromechanics: A New Approach to Studying the Strength and Breakup of Floccs”, Article NO. 0654, *Journal of Colloid and Interface Science*, 184, 579-585, 1996.

Masteroppgåver

- Hellerslia (2022) Hellerslia, Ane Igland, *Innholdet i forsvarlighetskravet i havbunndmineralloven § 1-7 i et miljørettslig perspektiv*, Bergen 3. juni 2022.
- Solheim (2019) Solheim, Astrid Vamråk, *Transportation for deep sea mining using underwater vehicle*, NTNU desember 2019.
- Skjoldvær (2023) Skjoldvær, Ingrid Eline Morsund, *Miljørettslige utredningskrav til mineralvirksomhet på havbunnen*, Oslo 25. april 2023.

Nettartiklar

- Brembo m.fl. (2023) Brembo, Frida, Sondre Skjelvik og Eivind Molde, *Flertall for å lete etter mineraler på havbunnen*, NRK.no, 5. desember 2023
[Flertall på Storintget for å åpne for gruvedrift på havbunnen – NRK Nordland](#) (henta 5. desember 2023).